

Astrid Pedersen Avdem

## «En mørk flekk på organisasjonskartet»

Ein studie av korleis syerskene ved Confectionsfabriken Superb a/s vart fagorganisert 1905-1943

Masteroppgåve i historie - femårig lektorutdanning  
Veileder: Ingar Kaldal

Mai 2019





Astrid Pedersen Avdem

## «En mørk flekk på organisasjonskartet»

Ein studie av korleis syerskene ved  
Confectionsfabriken Superb a/s vart fagorganisert  
1905-1943

Masteroppgåve i historie - femårig lektorutdanning  
Veileder: Ingar Kaldal  
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske studier



## **Forord**

Tida frå eg entra idrettsbygget på Dragvoll i 2013, har vore full av oppturar, nedturar og utfordringar. No når masteroppgåva skal leverast kjennest det litt uverkeleg at studietida i Trondheim er over, men eit nytt kapittel ventar utanfor lesesal 6378 på Dragvoll. I arbeidet med masteroppgåva, må fleire takkast. Ein stor takk til rettleiaren min, Ingar Kaldal.

Heilt frå bachelor-nivå har du oppfordra til å gjennomføre prosjekt om arbeid og kvardagsliv. Som masterrettleiar har du alltid vore parat til å svare på meir eller mindre gjennomtenkte spørsmål, og alltid hatt konstruktive tilbakemeldingar. Tusen takk!

Eg må takke Romsdalsmuseet for eit arbeidsstipend, som gjorde at eg kunne fokusere fult og heilt på dette prosjektet. I tillegg har dei alltid vere behjelpelege med å svara på spørsmål. Svein Heramb-Aamot har òg vore ein stor ressurs i arbeidet med oppgåva. Ingen i dag kan nok meir enn han om Confectionsfabriken Superb og har alltid kunne svara på spørsmåla mine. Ein takk til Pierre, for dine tips og triks i excel. Sist, men ikkje minst ein stor takk til mamma, Heidrunn Avdem. For at du alltid har stilt opp som korrekturlesar i løpet av desse åra, òg på den største oppgåva eg har skreve.

Astrid Pedersen Avdem  
Trondheim, mai 2019



# Innhald

<b>1: Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<i>Presentasjon av temaet og motivasjon</i> .....	1
<i>Avgrensing og problemstilling</i> .....	1
<i>Oppbygning av oppgåva</i> .....	3
<i>Profesjonsrelevans</i> .....	5
<b>2: Metode og tidligare forskning</b> .....	<b>7</b>
<i>Metode</i> .....	7
Aviser og medlemsblad.....	7
Arkivet på fabrikkjen .....	8
Møtereferat.....	9
Kjelder som ikkje vart brukt i oppgåva.....	9
<i>Tidligare forskning</i> .....	10
<b>3: Historisk kontekst</b> .....	<b>15</b>
<i>Frå laug til konfeksjon</i> .....	15
<i>Confectionsfabrikkjen Superb <sup>a/s</sup></i> .....	17
<b>4: Sosiale relasjonar horisontalt – syerskene som gruppe</b> .....	<b>23</b>
<i>Faktorar som hemja organisering hjå syerskene</i> .....	23
<i>Faktorar som fremja ei organisering hjå syerskene</i> .....	31
<i>Oppsummering</i> .....	35
<b>5: Sosiale relasjonar vertikalt - ein paternalistisk sjef?</b> .....	<b>37</b>
<i>Ein sjef som hemja tanken om organisering?</i> .....	38
<i>Ein sjef som fremja organisering?</i> .....	44
<i>Oppsummering</i> .....	47
<b>6: Avslutning</b> .....	<b>49</b>
<i>Vegen vidare</i> .....	49
<i>Hemjande faktorar</i> .....	50
<i>Fremjande faktorar</i> .....	51
<i>Oppsummering</i> .....	53
<i>Vidare arbeid innanfor temaet</i> .....	54
<b>Figuroversikt</b> .....	<b>55</b>
<b>Kjeldeoversikt</b> .....	<b>55</b>
<i>Aviser og blad</i> .....	55
<i>Andre kjelder</i> .....	55
<b>Litteratur</b> .....	<b>57</b>





# 1: Innleiing

## Presentasjon av temaet og motivasjon

Oppgåva er tenkt til å vere ein bit arbeidslivshistorie. Målet med prosjektet er å skildre dei sosiale forholda på ein fabrikk i en liten norsk by. Her skal vi sjå på korleis dei ulike relasjonane på ein fabrikk virka inn på fagorganiseringa av kvinnene på fabrikk. Byen er Molde, lokalisert på Romsdalshalvøya, og fabrikk er Confectionsfabriken <sup>a/s</sup> Superb. Som resten av Romsdalen, hang Superb etter med fagorganiseringa som skjedde i resten av landet. Regionen vart omtala som «en mørk flekk på organisasjonskartet».<sup>1</sup>

Motivasjonen for dette prosjektet handlar om interessa for arbeid og daglegliv. Desse er viktige tema i historiefaget. Eit slikt prosjekt må nesten utforskast lokalt, der folk har arbeidd. Valet fall då på ein liten nordvestlandsk by, som hadde ei omfattande industri-verksemd. Dette var konfeksjonsindustri, produksjonen av klede. Det viste seg nemleg at Molde hadde fleire mellomverkstader, småskalaproducentar av klede, og etterkvart fleire fabrikkar som utgjorde ein betydeleg del av konfeksjonsindustrien på landsbasis. Eg har alltid hatt ei interesse for historie om arbeid og daglegliv, særleg kvinne- og kjønns historie, og ynskte å utforske desse aspekta meir. I løpet av tida eg budde i Molde, vart det sjeldan fortalt noko om kvinne som har hatt sine liv i byen. Dette ynskte eg å gå djupare inn i, og det naturlege valet vart å sjå på syerskene som arbeidde på fabrikk. I konfeksjonsindustrien i Romsdalen var Superb på eit tidspunkt den største arbeidsplassen for kvinner, og i tillegg var Superb den fyrste konfeksjonsfabrikken i Molde. Dette er utgangspunktet for oppgåva.

## Avgrensing og problemstilling

Framstilling av klede som vare i Noreg, utvikla seg på nokre generasjonar frå ein solid handverkstradisjon til ein storstilt fabrikkindustri. Denne typen arbeid var eit typisk "kvinneyrke" i den fyrste fasa i industrialiseringa. Frå midten av 1800-talet skaut denne utviklinga fart, og ved starten av 1900 vart dei fyrste fabrikkane innanfor saum etablert i Noreg. Konfeksjonsindustrien sysselsette svært mange kvinner, og det var berre tenestejenter som var fleire i tal enn syersker ved hundreårsskiftet.<sup>2</sup> Regionen Romsdal har vore del av

---

<sup>1</sup> Olav Arild Abrahamsen, *Molde bys historie III – 1916-1940 Fra brann til bombing. Molde kommune og Dahl libris: Molde*, 1992: 177

<sup>2</sup> Gro Hagemann, *Lavtlønnsyrker blir til – kvinnearbeid og kjønns skiller i søm og telekommunikasjon 1870 – 1940* (Doktoravhandling i historie). Universitetet i Oslo, 1988: 13

denne industrien frå starten av. Folk dreiv med saum i større eller mindre grad gjennom heile Romsdalen. I løpet av dei fyrste tiåra på 1900-talet fekk regionen ei oppbløming i konfeksjonsindustrien. I 1940 hadde regionen omlag 3000 arbeidarar i industrien og rundt 150 fabrikkar og verkstader. Dette skjedde samstundes som det var ein tendens at konfeksjonsfabrikkar vart lagt ned, særleg i dei store byane.<sup>3</sup>

Trass i at industrien var stor, var det særst få som fagorganiserte seg. Sjølv om dei organiserte arbeidarane på landsbasis til dømes hadde betre betalt enn dei som ikkje var organisert, gjekk det omlag 25 år inn i Superb si levetid før den fyrste varige fagforeininga vart oppretta på fabrikk. Fyrst i 1931 fekk fabrikk si fyrste foreining forankra i Norsk Bekledningsarbeiderforbund.<sup>4</sup> Sjølv fagorganiseringa av arbeidarane på Superb tok likevel lang tid. Med dette som utgangspunkt ynskte eg å sjå på korleis fagorganiseringa på Superb arta seg. Problemstillinga for oppgåva er difor:

*Kva hemja og fremja fagorganisering blant syerskene på Superb?*

Eg vil i hovudsak fokusere på perioden frå etableringa av fabrikk i 1905 og fram til den fyrste direktøren, Oscar Hanssen, døydde i 1943. For å sjå på resultatet av fagorganiseringa på fabrikk, har noko av historia fram til 1975 vorte diskutert mot slutten av oppgåva. Eg finn det naturleg å bruke dei sosiale relasjonane som utgangspunkt for å sjå på utviklinga av fagorganiseringa på fabrikk. Dei horisontale banda, altså relasjonane mellom syerskene, er viktige når det kjem til fagorganisering. Heldt kvinnene igjen då det vart snakk om organisering? Om dei gjorde det, handla dette om at syerskene oppfatta arbeidet som midlertidig? Var det slik at syerskene var ei homogen gruppe med geografisk tilknytning? Eller var dei ei tilfeldig gruppe knytt saman av at alle jobbe på den same arbeidsplassen? Dei vertikale banda, mellom arbeidsstokk og leiing, er òg sentrale for å sjå på korleis leiinga på fabrikk såg på fagorganisering. Var dei prega av konflikt eller harmoni? Var leiinga fjern, med liten kontakt med arbeidsstokken, eller var det nære relasjonar? Fanst det paternalistiske trekk ved leiinga på Superb? Dette er spørsmål som oppgåva har som mål å kaste lys over.

Det er ikkje skreve mykje spesifikt om Superb. I anledning femtiårs-jubileet til fabrikk skreiv den andre direktøren, Herleik Heramb-Aamot, bedriftshistoria til Superb frå 1905-

---

<sup>3</sup> Olav Wicken, Hvordan Romsdal ble sentrum for konfeksjonsindustrien i Norge, i *Romsdal Sogelag* 1980: 5

<sup>4</sup> Wicken 1980: 15-16

1955. Eg har heller ikkje funne nokre undersøkingar av fagforeiningsverksemd i bedrifter i den norske konfeksjonsindustrien. Det som har vore skriva av historie om konfeksjonsindustri, har altså fokusert på andre tema enn fagorganisering. Både på lokalt og nasjonalt nivå har konfeksjonsindustrien i liten og varierende grad vore tema for forskning. Tema som har vore behandla er kjønnsdimensjon, industriutvikling og bransjeutvikling. Det finst òg litt lokalhistorie kor konfeksjonsindustrien er belyst. Sidan ingen av desse har hatt som mål å sjå på organiseringa av syerskene på Superb, kan denne oppgåva tilføre noko nytt til historiefaget og truleg også gje ny kunnskap i lokalhistoria til Molde og Romsdalen.

Målet med prosjektet er å gjennomføre eit forskingsarbeid på lokalt nivå som trekker linene til den nasjonale utviklinga innanfor denne industrien. Med utgangspunkt i ein lokal konfeksjonsfabrikk, den største i Molde, håpar eg dermed både å rette søkelyset på det lokalhistoriske perspektivet i historia til Molde, men òg å bidra til det nasjonale forskingsfeltet på konfeksjonsindustrien i Noreg.

### **Oppbygning av oppgåva**

Oppgåva består av seks kapittel: to empiri-kapittel, eit kapittel for den historiske konteksten, eit kapittel om metode og tidligare forskning, eit innleiingskapittel og eit avslutningskapittel. Oppgåva er bygd opp tematisk, kor den historiske konteksten har ein kronologisk progresjon, mens dei to empiri-kapitla er tematiske, men følgjar ein viss kronologi. Årsaken til at dei to empiri-kapitla er lagt fram tematisk, er at ein enklare skal kunne skilje kva faktorar som virka hemjande og fremjande frå dei ulike aktørane på fabrikk. Det fyrste og andre kapittelet i oppgåva er meint som ei innleiing til temaet, samt å presentere kjeldegrunnlaget.

Kapittel 3 handlar om den historiske konteksten for konfeksjonsindustrien i Noreg og meir spesifikt om Romsdalen. Vidare går vi inn i historia til Superb, som er hovudfokus for denne oppgåva. Den historiske konteksten er viktig for å forstå kvifor konfeksjonsindustrien i regionen stod i ei særstilling når det gjaldt fagorganisering på tidleg 1900-talet.

Kapittel 4 utforskar dei sosiale forholda horisontalt, altså relasjonane mellom syerskene som gruppe. Dette er hensiktsmessig for å seie noko om korleis dei opererte som gruppe. Å undersøkje om det fanst eit fellesskap som var med på å hemje eller fremje organiseringa på fabrikk er målet med kapittelet. Eg diskuterer kor vidt syerskene vart oppfatta som ei

homogen gruppe med sterke band til fabrikk, eller om dei vart sett på som frittstående individ utan noko anna tilknytning enn jobbkvardagen. Årsaken til at syerskene er vektlagt som gruppe er at Superb var ein stor arbeidsplass for kvinner i byen. I tillegg var dette ein fin måte å avgrense oppgåva sitt omfang. Det vart naturleg å sjå på *ei* gruppe arbeidstakarar på fabrikk.

I kapittel 5 vert dei vertikale relasjonane på fabrikk utforska. Målet med dette kapitlet er å belyse relasjonen mellom desse to "gruppene". Fokuset for kapitlet er Superb sin fyrste direktør, Konsul Oscar Hanssen. Kapitlet skal sjå på korleis dei vertikale banda kan ha vore med på å fremje eller hemje organiseringa på fabrikk. Fanst det konflikt? Eg har valt å sjå på ein av dei totalt tre direktørane for fabrikk. Dette vart ei logisk avgrensing for oppgåva, då den fyrste direktøren hadde mest å seie for fagorganiseringa. Det var Oscar Hanssen som var direktør både i tida før og etter 1931, då fabrikk fekk si fyrste varige fagforeining.

Avslutningskapitlet gjev ei kort oversikt over fabrikk si historie etter vår periode. Vidare vert poenga frå dei føregåande kapitalane samla og drøfta. Heilt til slutt kjem nokre refleksjonar om kva som kan vere tema for vidare forskning.

## Profesjonsrelevans

Om ein tek utgangspunkt i dagens læreplan for Vg3 studieførebuande utdanningsprogram finn ein følgjande kompetansemål:

«Gjøre rede for hvordan arbeidsliv og arbeidsdeling mellom kjønnene har endret seg i Norge fra 1800-tallet og fram til i dag»<sup>5</sup>

Dette er nok ofte eit kompetansemål som typisk vert "fletta" inn i undervisninga i løpet av dei to åra ein har ei klasse, utan at ein går djupare inn i temaet. Likevel har folk til alle tider har vore oppteken av kvardag og arbeidsliv. Difor ser eg på denne oppgåva som ei moglegheit der eg som lærar får høve til å vidareformidle den delen av historiefaget som kanskje ofte vert gløymd, til trass for at det gjeld alle til alle tider: arbeid i kvardagen.

Gjennom dette prosjektet har eg kunne utforske ein lokal arbeidsplass og sjå på korleis arbeidskrafta kunne delast mellom kjønn. Eg har både sett meg inn i nasjonale tilhøve og det som skjedde på lokalt nivå. Dette har gjeve meg viktig kunnskap som eg ynskjer å lære bort til mine framtidige elevar. Eit så omfattande forskingsarbeid, gjer meg truleg i stand til å få presentere denne delen av historiefaget på ein god og inspirerande måte. No veit eg korleis ein kan gjennomføra eit slikt arbeid, og dermed vert det lettare å kunne planlegge liknande eit prosjekt for elevane mine.

Eg ynskjer altså at eg ikkje vert læraren som flettar inn kompetansemål om kvardags- og arbeidslivshistorie inn i andre store historiske hendingar. Eg vil behandle denne typen kompetansemål med den tyngda det fortener. Gjennom mi tid på NTNU veit eg korleis denne delen av historiefaget fenger interessa på ein heilt anna måte enn andre meir "kjente" tema. Kvardag- og arbeidslivshistorie er noko alle kan relatere til, og alle kan noko om det. Ei auka vektlegging av denne type tema kan fremja læringsvilje og meistring hjå elevane. Dette er med på å gjere mi masteroppgåve relevant for mitt framtidige yrke som lektor.

---

<sup>5</sup> Utdanningsdirektoratet (2009) Læreplan i historie (HIS1-02) <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-vg3-studieforberedende-utdanningsprogram> aksessert 12.03.19: 5



## 2: Metode og tidligare forskning

I dette kapittelet skal vi sjå på metoden og kjeldegrunnlaget for oppgåva. Vidare skal vi sjå på den tidlegare forskinga på feltet. Kva har vore skreve om konfeksjonsindustri generelt, og meir spesifikt; om konfeksjonsindustrien i Romsdalen?

### Metode

Eg fann fort ut at grunnen til at eg ikkje hadde høyrte noko særleg om syerskene på Superb, truleg var fordi det fanst ganske lite kjeldemateriale som kunne forklare dei sosiale forholda på fabrikk. Eg kjem til å kommentere og drøfte kjeldegrunnlaget for oppgåva etter tur. Eit sitat frå Nini Roll Anker sin roman *Den som henger i en tråd* er brukt i kapittel 4. Ein kjeldekritisk merknad står etter dette sitatet.

### Aviser og medlemsblad

I oppgåva mi har eg brukt avisar brukt som historisk kjelde. Historikaren Hallvard Tjelmeland har skreve ein nyttig artikkel om metodiske sider ved bruk av avisar som kjelder. Aviser representerer samtida og gjev oss fyrste- (eller andrehands) observasjonar. Aviser kan nyttast som beretning. Når ein brukar ho som beretning er det for å hente informasjon på enklare måte. Ein finn informasjonen i ei notis eller i ein artikkel om noko som har skjedd. Dette gjer at avisene har eit stort potensiale som kjelde, både lokalt og nasjonalt.<sup>6</sup> I mitt tilfelle var det dei lokale avisene som fanna interesse. Dei gav informasjon eg ikkje fann andre stader. For meg vart dei lokale avisene ei av dei kjeldene som stod nærmast saksforholda eg undersøkte. Avisene vart ei primærkjelde i ettertid.<sup>7</sup>

Dei avisene eg tok i bruk var Romsdals Budstikke, som framleis er i trykk i dag, og arbeidarparti-avisene Folkets Ret, som vart trykt mellom 1915 og 1923, og Romsdal Folkeblad, som var i trykk frå 1928.<sup>8</sup> I tillegg fekk eg tilgang på Bekledningsarbeideren, eit medlemsblad for Norsk Bekledningsarbeiderforbund. Fordelen med dette utvalet er at ein har både dei lokale avisene og det nasjonale tidsskriftet Bekledningsarbeideren. Dette ga ei

---

<sup>6</sup> Hallvard Tjelmeland, Aviser som historisk kjelde, i Else-Beth Roalsø *Å skrive i motvind – Ruth Thomsen og Stavanger Aftenblad 1934-1980*. Norsk pressehistorisk forening, 2004: 114-116

<sup>7</sup> Tjelmeland 2004: 116

<sup>8</sup> Norvall Skreien, Jakob Bolstad – boktrykkeren fra Voss som skapte avishistorie i Romsdal, i Romsdal Sogelags årsskrift 2010: 28

breidde i informasjonen, kor dei lokale avisene tok opp forholda i Molde, mens Bekledningsarbeideren såg på Romsdalen og Molde som lokalt fenomen sett utanfrå.

No er både Bekledningsarbeideren, Romsdal folkeblad og Folkets Ret baa prega av sin tilknytning til arbeidarpartiet lokalt i Molde, og som tidsskrift for fagforeininga for konfeksjonsarbeidarar. Dette gjer at avisene òg kan brukast som *leivning*. Avisene og tidsskriftet gjev uttrykk for avisa sine eigne haldningar og politikk, men òg haldningar i samfunnet.<sup>9</sup> Bekledningsarbeideren kan gje oss eit bilete på kva haldningar Norsk Bekledningsarbeiderforbund hadde om den uorganiserte Romsdalen. Dette er eit syn på nasjonalt plan som er med på forklare kvifor agitasjonsverksemda frå forbundet vart trappa opp utover 1930-talet.

### **Arkivet på fabrikk**

Den andre direktøren på Superb, svigersonen til Oscar Hanssen, Herleik Heramb-Aamot, si bedriftshistorie over Superb har vore ei nyttig kjelde. Boka er ei beretning som gjev ei nyttig oversikt over korleis utviklinga til Superb arta seg. Den gjev ei kronologisk framstilling, eit hendingskjelett.<sup>10</sup> Samstundes er boka ei kjelde til Herleik Heramb-Aamot sine tankar og oppfatningar av fabrikk si utvikling. Difor vert boka òg brukt som ei leivning for å sjå på korleis ein direktør av fabrikk både såg på fabrikk sin, og korleis han såg på sin forgjengar, Oscar Hanssen, som var fabrikkdirektør før Herleik Heramb-Aamot. Dette gjer boka partisk og subjektiv, men samstundes er ho eit vitnesbyrd frå tida då fabrikk var i full drift. Ein viktig kjeldekritisk merknad er kor påliteleg ei slik kjelde eigentleg er som beretning og leivning? På den eine sida kjem denne beretninga frå ein person som er ein insider i industrien og har god kjennskap til fabrikk lokalt, men òg konfeksjonsindustrien nasjonalt. På den andre sida er denne beretninga prega av forholdet til den tidligare direktøren på fabrikk. Ser vi det på denne måten er det nærliggande å tolke seg til at Heramb-Aamot ikkje var så kritisk til drifta som ein ekstern person kunne vore.

Statistikken i oppgåva er basert på fabrikk sine eigne register over dei tilsette. Ein begynte på denne oversikta i 1961, men baserte seg på data frå eit tidligare kartotek. Boka gjev tilsynelatande ei oversikt over alle dei tilsette ved fabrikk. Dei fyrste namna stod oppført frå

---

<sup>9</sup> Tjelmeland 2004: 121

<sup>10</sup> Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var – en innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget: Oslo 2010: 174



1905. Oversikta er alfabetisert, og har opplysningar om fødselsdato, når arbeidarane starta og slutta på fabrikk, og kor vidt dei fekk utdelt ei medalje for lang og tru teneste. Ei slik oversikt gjev viktig informasjon om arbeidsstokken på Superb. I oppgåva har eg nytta den til å seie noko om kor lenge syerskene var tilsett på fabrikk, og kor mange av dei som fekk medaljar på fabrikk. Ei slik oversikt framstiller eit fenomen gjennom konkrete tal. Dette gjev oss altså ein deskriptiv statistikk som er basert på oppteljingar. Det gjer at ein har eit grunnlag for å kvantifisere til dømes tilsetjingsforhold på Superb på ein meir presis måte.<sup>11</sup> Slike tal gjev derimot ingen informasjon om dei sosiale forholda som ligg til grunn for tala. Ein må altså ty til andre kjelder for å seie noko om *årsaken* til at syersker vart verande eller ikkje verande på fabrikk. Den deskriptive statistikken seier berre noko om at dei vart på fabrikk eller ikkje.

### **Møtereferat**

I likskap med statistikk er møtereferat òg deskriptive kjelder. Dei fortel om det som skjedde på eit møte, kor ein referent refererer innhaldet i møtet. Referenten er ikkje objektiv, men han skal ikkje formidle sitt eige syn, men det synet som kjem fram på møtet. Møtereferat er nyttige for å sjå på verksemda til ein organisasjon. Samstundes kan slike kjelder brukast som leivningar, fordi ein kan lese haldningar i ein referattekst som leivning frå ein tenkemåte, ei haldning eller meining hjå den som førte referatet. Dei er også uttrykk for tenkemåtar hjå dei som vedtok referatet som gyldig og rett. I denne oppgåva har eg nytta referat frå Moldes konfeksjonsarbeidarforeining. Desse er henta frå Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. Funksjonen til desse møtereferata er å vera vere ei beretning fordi referata fortel om dei faktiske hendingane som skjedde på møta.

### **Kjelder som ikkje vart brukt i oppgåva**

Tidleg i prosessen ynskte eg å ta i bruk intervju for å sjå på dei sosiale forholda på fabrikk. Men då eg avgrensa meg til å sjå på utviklinga fram til 1943, vart dette vanskeleg. Å få tak på gode informantar til dette formålet let seg ikkje gjennomføre. Eg klarte ikkje å finne nokon som framleis var i livet og som hadde jobba på fabrikk innanfor dei tidsrammene eg har satt for oppgåva. Eg har prøvd å få tak på Molde samorganisasjon sine arkiv, mellom anna for å undersøkje spor etter den fyrste fagforeininga i Molde. Dette var for å utforske spora av den

---

<sup>11</sup> Kjeldstadli 2010: 231

fyrste kortvarige fagforeininga i Molde. Noko slikt materiale har eg ikkje lykkast i å finne i løpet av arbeidet mitt.

### **Tidligare forskning**

Det finst ulike undersøkingar med norsk konfeksjonsindustri som tema. Både på lokalt og nasjonalt nivå har konfeksjonsindustrien vorte undersøkt. I mi oppgåva har eg brukt bøker, hovudfagsoppgåver og artiklar for å lage den historiske konteksten og supplere til mine eigne funn.

Generelt har Edvard Bull d.y. vore ein viktig historikar når det kjem til å skrive om arbeidarrørsla si historie i Noreg. I bind ein, *Arbeiderklassen blir til (1850-1900)* tok Bull for seg framveksten av arbeidarrørsla i Noreg. Ein anna viktig historikar innafor arbeidarrørsla si historie er Knut Kjeldstadli. I 2018 gav Kjeldstadli ut boka *Arbeid og klasse* som gav eit historisk perspektiv på arbeid, klasse og fellesskap i industrikapitalismen si epoke i Noreg.<sup>12</sup> Båe gjev ei grundig innføring i arbeidarrørsla, og har vore nyttige for å danne eit bilete av arbeidarrørsla på nasjonalt nivå.

Konfeksjonsindustrien si fagorganisering har vorte utforska i fleire arbeid. Historikaren John L. Kamsvåg skreiv i 1990 ei 100-årsjubileums-beretning av Bekledningsarbeiderforbundet. *Med nål og tråd gjennom 100 år – Bekledningsarbeiderforbundet 1890-1990* var ei oversikt over Bekledningsarbeiderforbundet si historie. Her var ikkje arbeidsplassane skildra men det var sakane og hendingar knytte til forbundet som fekk hovudplassen. Historikaren Odd Thorson skreiv ei likande type bok, *Folk skaper klær - klær skaper folk*. Thorson skreiv ikkje spesifikt om Romsdalen og Vestlandet, men boka framstiller industrien meir generelt. Thorson tok utgangspunkt i den historiske utviklinga til industrien frå starten av 1800-talet til omlag 1960-talet. Boka sitt hovudfokus ligg på Confektionsfabrikanernes Landsforbund. Desse bøkene tok utgangspunktet i fagforeininga i konfeksjonsindustrien. I tillegg skreiv historikaren Knut Grove in artikkel i *Arbeiderhistorie* om den vestnorske arbeidarkulturen. Grove ser på årsakar til at arbeidarrørsla sleit med å få fotfeste på Vestlandet. Han konkluderer med at det kan skuldast ein eigen arbeidarkultur. Desse tre bidraga gjev eit viktig perspektiv på fagforeinings-historia til konfeksjonsindustrien. I tillegg peiker Grove på

---

<sup>12</sup> Knut Kjeldstadli, *Arbeid og klasse – historiske perspektiver*. Pax forlag: Oslo, 2018: 9

særtrekk som kan ha gjort at arbeidarrørsla si nedslagskraft vart svekka på Vestlandet. Dette er relevant for å sjå på Romsdalen også.

Kjønnsdimensjonen i industrien er belyst gjennom nokre undersøkingar på feltet. Etnologen Grete Swensen, gjennomførte ei etnologisk undersøkning av syerskers arbeid og levevilkår frå 1900-1950 i si magistergradsavhandling frå 1980. Som etnolog har Swensen vektlagt arbeidslivet og yrkesforhold til kvinner innan saum. Historikaren Gro Hagemann leverte si doktoravhandling *Lavlønnsyrker blir til: kvinnearbeid og kjønnskiller i søm og telekommunikasjon 1870-1940* i 1988. Denne avhandlinga såg på korleis industrialiseringa virka inn på kvinners yrkesarbeid, og på korleis delinga i mellom kjønn var i arbeidet innanfor to ulike yrkesområder. Avhandlinga avgrensar seg til to yrkesområder, saum og telekommunikasjon i perioden då det moderne industrisamfunnet vaks fram i Noreg, frå omlag 1870 og fram til 1940. Denne avhandlinga resulterte i boka *Kjønn og industrialisering* som var ein samanfatta versjon av sjølve avhandlinga. Undersøkingane til Swensen og Hagemann gjorde har vore særst viktige for å sjå på kjønnsdimensjonen i saumyrket.

Det fins ulike bidrag innanfor bedriftshistorie i industrien. I anledninga 50-årsjubileet til Confectionsfabriken a/s Superb skreiv den andre direktøren på fabrikk, Herleik Heramb-Aamot bedriftshistoria til fabrikk, frå oppstarting i 1905-1955. Anna bransjehistorie med utgangspunkt i Romsdalen vart behandla i særleg to hovudoppgåver frå UiO. Historikaren Olav Wicken skreiv om konfeksjonsindustrien i Romsdal i 1930-åra. Denne oppgåva handla om den økonomiske krisa i fyrste halvdel av 1930-åra i Romsdalen. Historikaren Nils Frostad skreiv om utviklinga frå skreddar til industri i Romsdalsbygdene. Han konkluderte med at konfeksjonsindustrien i Romsdal utvikla seg frå å vere prega av handverksdrift i nokre få kommunar, til å verta den viktigaste industrien i dei fleste. Dette resulterte i at mange kommunar fekk ein einseitig industri, der storparten av industribefolkninga var sysselsett i en type industri.<sup>13</sup>

I tillegg finst det meir lokale bidrag for å diskutere i konfeksjonsindustrien i Romsdalen og Molde. Lokalhistorikaren Edmund Søvik skreiv ei bok om i konfeksjonsindustrien som vaks fram i Isfjorden. Framstillinga var ei oversikt over tidsrommet 1860-1990. Søvik definerte konfeksjonsindustrien som både skomakarfaget og skreddarproduksjon, og såg difor på desse

---

<sup>13</sup> Nils Frostad, *Konfeksjonsindustrien i Romsdal. Fra skredderhåndverk til industri i bygdene* (Hovudfagsoppgåve i geografi). Universitet i Oslo, 1955: 78

to produksjonane i Isfjorden. Molde byhistorie, og då særleg bind III, skreiv eit kapittel om industribyen Molde, og diskuterte utviklinga om organisasjonsretten. I tillegg finst det fleire skjønnlitterære verk som tek utgangspunkt i konfeksjonsindustrien i Molde. Ein av dei mest kjente var *Den som henger i en tråd* som er ein roman av Nini Roll Anker skreve i 1935.

Tidligare forskning har peika på ulike faktorar som har vore viktig for å fremje eller hemje organisering på ein arbeidsplass. Gro Hagemann la vekt på at ei krise i primærprimærnæringa gjorde at mange vart arbeidsledige. Dette gjorde at konfeksjonsbedriftene hadde ein stor marknad å ta nye arbeidarar frå.<sup>14</sup> I likskap med Hagemann, peiker historikaren Olav Arild Abrahamsen, i sin gjennomgang av byhistoria til Molde, òg på at det var stor tilgang til arbeidskraft i Romsdalen. Resultatet vart at ein lett kunne gje arbeidarane sparken om dei starta å stille krav til arbeidsplassen sin. Difor var utnyttinga av arbeidarar stor i denne regionen.<sup>15</sup> Knut Kjeldstadli har skissert kva som var premissar for at arbeidarane skulle organisere seg på ein arbeidsplass. Ein måtte ha ein felles ideologi, ei samling mot ein felles motstandar og ein felles interessepolitikk.<sup>16</sup> Desse faktorane er relevante for å kunne sjå på kva som hemja og fremja fagorganisering på ein spesifikk arbeidsplass. Det er grunn til å tru at dei same faktorane kan ha verka inn på Superb.

Swensen diskuterte kvifor det var akkurat kvinner, som ikkje organiserte seg. Ho peika på dømes på interesse, som eit viktig aspekt. Syerskene såg ikkje på fagorganisering som noko naudsynt i arbeidskvardagen. Arbeidet var ofte midlertidig eller sesongbasert, utan fast tilsetning. I tillegg slutta mange kvinner i industrien å jobbe når dei gifta seg. Dette var òg eit teikn på at kvinner i konfeksjonsindustrien kan ha sett på arbeidet som midlertidig. Denne "midlertidigheita" kan ha vore med på å styrke at dei ikkje hadde like lett for å sjå på fagorganisering som ein del av deira kvardag.<sup>17</sup> Både Hagemann og Swensen peika at konfeksjonsarbeidet ga større økonomisk gevinst enn å jobbe i til dømes hermetikkindustri eller annan tekstilarbeid. Når syerskene likevel tente godt som uorganiserte, er det nærliggjande å tenkje seg til at organisering ikkje var det syerskene tenkte på fyrst.<sup>18</sup> Kvifor skulle dei organserie seg når dei likevel tente bra?

---

<sup>14</sup> Gro Hagemann, *Kjønn og industrialisering*. Det blå Bibliotek: Oslo, 1994: 165

<sup>15</sup> Abrahamsen 1992: 172-173

<sup>16</sup> Kjeldstadli 2018: 210-211

<sup>17</sup> Grete Swensen, *Fra nålen tres til kunden kles. Syerskers arbeid og levkår i perioden 1900-1950* (Magisteravhandling i etnologi). Universitetet i Oslo, 1980: 179

<sup>18</sup> Swensen 1980: 161, Hagemann 1994: 157

Likevel hevder Swensen at det var haldningar, som var det forholdet som hadde størst innverknad på kvifor syerskene ikkje organiserte seg. Kvinnene i konfeksjonsindustrien relaterte seg ikkje til arbeidarrørsla. Såg dei på seg sjølv primært som husmødrer heller enn arbeidarar? Om kvinnene opplevde at arbeidet var midlertidig, og at dei etterkvart skulle inn i ei rolle som husmor, hadde i følgje Swensen stor innverknad på om syerskene organiserte seg eller ikkje.<sup>19</sup>

Ei slik tilnærming deler Knut Grove òg til ein viss grad. Grove hevdar at årsaken til at arbeidarrørsla hadde lite nedslag på Vestlandet, kunne skuldast ein særeigen vestnorsk arbeidarkultur.<sup>20</sup> Grove hevda at «likskap mellom folk var eit ideal».<sup>21</sup> Det var ein verdi dei hadde felles med arbeidarrørsla. Samtidig peika Grove på paternalistiske trekk kor bedriftene hadde ein nær og omsynsfull sjef som tok vare på arbeidarane sine. Arbeidarane var tettare knytte til lokalsamfunnet her enn generelt i arbeidarrørsla, og dei ynskte heller å identifisere seg med bygda si enn denne rørsla. Dette førte til at oppslutninga rundt fagorganisering gjekk treigare på Vestlandet.

På bakgrunn av den forskinga som er gjort på dette feltet før, ynskjer eg å sjå på kva som hemja og fremja organisering gjennom å undersøke dei sosiale forholda på Superb. Sidan at det finst ein del undersøkingar om meir generelle utviklingstrekk av industrien i regionen, vil oppgåva mi sjå meir spesifikt på organiseringa. Fyrst skal vi sjå på den historiske konteksten. Kva var eigentleg Superb?

---

<sup>19</sup> Swensen 1980: 181

<sup>20</sup> Knut Grove, På leit etter ein vestnorsk arbeidarkultur, i *Arbeiderhistorie 2016*: 37

<sup>21</sup> Grove 2016: 56



### 3: Historisk kontekst

I dag er det den enklaste sak å skaffe seg nye klede. Treng ein nye klede er dei berre eit tastetrykk unna på internett, eller ein liten tur til nærmaste butikk. Likevel skal ein ikkje så frykteleg langt tilbake i Noreg si historie før industriproduserte klede ikkje var norma. Store delar av besteforeldregenerasjonen i dag, hadde nok på eit tidspunkt anten heimesydd klede eller klede sydd av ei sydame. I dette kapitlet skal vi sjå på korleis industrien utvikla seg for å kunne plassere Superb inn i bransjehistoria. Så skal vi sjå meir spesifikt på Superb si utvikling reint kronologisk. Ein ytre historisk kontekst må på plass før vi ser på dei indre forholda på fabrikk.

#### Frå laug til konfeksjon

Frå tida før 1800-talet var det eit fåtal av dei som dreiv med saum som var kvinner, men ved byrjinga til 1900-talet var saumfaget blant dei viktigaste yrka for kvinner i Noreg. Fylgjeleg skjedde det ei endring i yrket i løpet av 1800-talet som gjorde det enklare for kvinner å tre inn i saumyrket.<sup>22</sup> Laugsordninga fjerna kvinner med få unntak frå yrket og var ein viktig faktor i den tidlege utestenginga. I laugsbestemmingane for Oslo frå 1607 stod det eksplisitt at «ingen Kvindepersoner paa noget Haandverk udi Skrædderlauget maa inndtages».<sup>23</sup> Sjølv om desse reglane gjorde det vanskeleg for kvinner å tene pengar på å sy, var det framleis mange som hadde si inntekt ved å sy for sal. Til dømes var undertøy og barneklede plassert utanfor laugets domene, og der kunne kvinnene sy så mykje dei ville utan å hamne under kontroll frå laugets. Det same gjaldt veving, spinning og farging.<sup>24</sup> Lover som verna rundt laugets, som tidligare hadde ekskludert kvinner, vart oppheva som følgje av den økonomiske utviklinga på 1800-talet. Kvinnene stod no friare til å etabler seg som handverkar. I 1839 vart laugets sin einerett til handverksproduksjon fjerna. I løpet av dei neste 20 åra skaut den industrielle utviklinga fart.<sup>25</sup> Dette, i saman med andre omveltingar i samfunnet førte til at fleire og fleire flytta til byane, som igjen utgjorde ein marknad for ferdigsydd klede. Mykje av heimeproduksjonen av saum vart spesialisert, og etterkvart fekk ein fabrikkar som produserte konfeksjon.<sup>26</sup> Kristiania hadde allereie vorte eit konfeksjonssentrum og fekk den fyrste konfeksjonsfabrikken i Noreg, Herkules A/S, etablert i 1898. Herkules vart ein del av ei

---

<sup>22</sup> Swensen 1980: 19

<sup>23</sup> Swensen 1980: 20

<sup>24</sup> Swensen 1980: 21-22

<sup>25</sup> Hagemann 1994: 34

<sup>26</sup> Swensen 1980: 32

rekkje fabrikkar langs Akerselva. I selskap med eit litt mindre sentrum nær Bergen, vart desse områda, dei to "fotfesta" i norsk konfeksjonsindustri ved starten av 1900-talet.<sup>27</sup> Den fabrikkmessige konfeksjonen elles i landet let likevel vente på seg. Fyrst ved starten av 1900-talet vaks det fram fleire fabrikkar i Noreg, men framleis var handverksproduksjon og små verkstader vanleg. Ved hundreårsskifte hadde altså industrien ei vekstperiode kor fleire fabrikkar vart skipa og etterkvart vart det geografiske senteret for konfeksjon flytta lengre vest; Bergen og Romsdalsdistrikta vart dei nye sentra for industrien.<sup>28</sup>

Romsdalen låg geografisk godt plassert for kommunikasjon. Både kysten og Austlandet hadde eit godt samband med Romsdalen. Mykje av næringshistoria til mange av Romsdalsbygdene har vore prega av konfeksjonsindustri. Ein årsak til dette var at moglegheitene for å drive med lønsamt jordbruk var liten og difor var tilleggsnæringar heilt naudsynt for å overleve. Sjølv om jordbruk ikkje var det enklaste å drive med i Romsdalen, hadde sauehald gunstige vilkår. Dette gjorde at ein hadde rikeleg med tilgang på ull til å veve stoff av. Fleire kramkarar, særleg frå bygdene rundt Molde, utvida sin handel av sko og klede til Trøndelag og Nordland. Vadsmål og andre vevnader vart omsett av desse kramkarane, særleg frå rundt 1850- og 60-talet. Ikkje før rundt 1870 såg ein at det vart lønsam handel. Då fekk Romsdal for alvor slutta seg til nordlandshandelen.<sup>29</sup> Handlarar drog til Lofoten under fisket for å selje klede og sko, som resulterte i ein sær sams lønsam handel. I starten var det det heimelaga vadmålet som i all hovudsak vart brukt i produksjonen, men etterkvart som handel og etterspurnaden auka, strakk ikkje heimeprodusert vadmål til. Ein gjekk over til å bruke fabrikkproduserte stoffar. Desse tekstilfabrikkane gav lang kreditt og lønningane vart ikkje utbetalt før klede var ferdig produsert. Dette gjorde at startkapitalen ikkje trong å vere stor, noko som gjorde det enklare å slå seg opp i produksjon av klede.<sup>30</sup> Mellomverkstadene, altså småskala-produsentar av klede, kunne handle frå dei andre vestlandsfabrikkane som produserte stoff. Men med ein aukande etterspurnad måtte ein òg importert ein del.<sup>31</sup> I denne oppbløminga var det hovudsakleg verkstader i større eller mindre omfang som utgjorde industrien. Få kunne kalle seg fabrikkar.

---

<sup>27</sup> John L. Kvamsvåg, *Med nål og tråd gjennom 100 år – Bekledningsarbeiderforbundet 1890-1990*.

Tiden Norsk Forlag, 1990: 11-12

<sup>28</sup> Hagemann 1988: 24

<sup>29</sup> Odd Thorson, *Folk skaper klær – klær skaper folk*. Confektionsfabrikanernes landsforbund, 1959: 57

<sup>30</sup> Swensen 1980: 27

<sup>31</sup> Thorson 1959: 58



Konfeksjonsindustrien som vaks fram i Isfjorden var prega av handverkarverksemd i starten og mykje av produksjonen var heimeindustri.<sup>32</sup>

Dette prega 1800-talet i Romsdalen, men på 1900-talet skifta produksjonen karakter. Det var fyrst på 1900-talet at Noreg fekk sine fyrste konfeksjonsfabrikkar. Som nemnt hadde Kristiania tidleg etablert seg som eit konfeksjonssentrum, då særleg i områda rundt Akerselva. I det små vert det skipa konfeksjonsverksemdar i Møre og Romsdal òg. I Kristiansund hadde A. Ervig starta ein oljekledefabrikk i 1886 og i 1893 fekk Ålesund sitt fyrste konfeksjonsfirma, O.H. Jacobsen. Dette skifta etterkvart namn til Jacobsen & Braastads konfeksjonsfabrikk ved hundreårsskifte. Då Ålesund brann i 1904 flytta Jacobsen og Braastad den midlertidige drifta til Molde. Drifta vart flytta tilbake til Ålesund etter nokre år, men kontorsjefen, Oscar Hanssen, vart igjen i Molde. Hanssen ynskte å starte sin eigen konfeksjonsfabrikk og den 16.oktober 1905 vart Confectionsfabriken a/s Superb skipa i Molde.<sup>33</sup>

### **Confectionsfabriken Superb a/s**

Frå 1900-1930 fekk Molde 4 konfeksjonsbedrifter. Til forskjell frå bygdene rundt med mange bedrifter og få tilsette, vart det større bedrifter med fleire tilsette i Molde. Eit gradvis skifte skjedde, og det vart Molde som vart konfeksjonssenteret i Romsdal. Med si sentrale plassering var Molde eit naturleg mål for ungdom som kom frå bygder, særleg der det ikkje var konfeksjonsindustri frå før. Dei unge ville lære seg saumfaget.<sup>34</sup> Utviklinga i Molde var litt annleis enn den ein såg i bygdene rundt. På Superb var ikkje fabrikkknytt til skreddarane i byen på same måte som fabrikkane andre stader i distriktet. Fabrikkknytt til, uavhengig av den verksemda som byskreddaren dreiv.<sup>35</sup> I all hovudsak vart konfeksjonsindustrien i Romsdal prega av to typar verksemdar. Den eine var fabrikkkonfeksjon, som Superb var den leiande i. Den andre var prega av oppsyingsverksemd og verkstader, som bygdene rundt dreiv med.<sup>36</sup>

---

<sup>32</sup> Edmund Søvik, *Konfeksjonens vogge og Norges kleskammer: 130 år med konfeksjon i Isfjorden og Romsdal*, 1996: 11

<sup>33</sup> Søvik 1996: 31

<sup>34</sup> Frostad 1955: 47

<sup>35</sup> Øyvind Norborg, *Handel og næring i Molde gjennom 150 år*. Molde næringsforum, 2007: 62

<sup>36</sup> Abrahamsen 1992: 166

Dei fyrste lokala til Superb var i "Lehtgården" i Molde sentrum. Ei lita leilegheit og eit par loftsrom. Dei fyrste åra hadde Superb omlag 5-6 syersker, altså ei ganske nøktern drift utan den store økonomiske gevinsten. Men Fru Laura Hanssen, kona til direktør Oscar Hanssen, meinte at Superb kunne auke prisane på kleda, noko ho hadde rett i. Resultatet vart at bedrifta fekk eit lite overskot allereie dei fyrste åra. Etter berre eitt år flytta fabrikk til eit eget lokale, den gamle gymsalen på mellomskulen i sentrum, som Oscar Hanssen kjøpte.<sup>37</sup> Etterkvart vaks produksjonen ut av desse lokala òg. Konkursen var hard i Molde, både med mellomverkstader og ikkje minst med industrien i bygdene rundt. Oscar Hanssen var tydeleg på at «der hvor de andre har en lomme, må vi ha den. Så får vi kanskje selge litt mere og der blir mere arbeide til dere».<sup>38</sup> Han må ha hatt teft for økonomi, for Superb gjekk framleis med overskot og fabrikk måtte utvide igjen, denne gongen langs strandlina i Molde. Til saman med den gamle gymsalen husa Superb no omlag 120 arbeidarar.<sup>39</sup> Den 20. januar 1916 braut den store bybrannen ut i Molde, og Superb vart ikkje spart i brannen. Sjølve fabrikkbygninga vart totalskada og ein ny fabrikk måtte byggast. Denne bygninga stod ferdig i 1917. Den vart kjent som "Superb-garden" i Molde og den står der den dag i dag.<sup>40</sup> Ei av syerskene som vart tilsett i 1911 var Bertha Halsnes. Ho starta på fabrikk berre 15 år gamal. Då ho fekk starte å jobbe på i den nye fabrikkbygninga fortalte ho at «Vi hadde det så koselig (...), lyse og vennlige lokaler ned mot sjøen».<sup>41</sup>

Medan Superb opna den nye fabrikkbygninga raste det ein verdskrig i Europa. Denne krigen vart i stor grad ein viktig vekstfaktor for konfeksjonsnæringa i Noreg. Med verdskrigen vart import av konfeksjonsklede til Noreg redusert, og dei norske konfeksjonsfabrikkane fekk eit oppsving.<sup>42</sup> «Aldri før hadde symaskinene surret slik i vårt land som i krigens tre første år» og heile landet fekk ein betydeleg vekst i nye konfeksjonsfabrikker og i industrien generelt.<sup>43</sup> Frå 1910 og fram til 1920 auka talet på konfeksjonsfabrikkar i Noreg frå 33 til 113.<sup>44</sup> Men ein krig fører ofte med seg problem. I 1919 stoppa importen av ull fullstendig opp. Likevel løyste mykje av dette løyste seg i løpet av den korte etterkrigsboomen fram til 1920. I tillegg vart marknaden for ferdigsydde klede større. Årsaken til dette var økonomiske og sosiale

---

<sup>37</sup> Herleik Heramb-Aamot, *Confektionsfabriken a/s Superb – bedriftshistorie 1905-1975*. 1957: 23-24

<sup>38</sup> Heramb-Aamot 1957: 29

<sup>39</sup> Heramb-Aamot 1957: 30

<sup>40</sup> Heramb-Aamot 1957: 38-39

<sup>41</sup> Heramb-Aamot 1957: 31

<sup>42</sup> Abrahamsen 1992: 163

<sup>43</sup> Thorson 1959: 134

<sup>44</sup> Thorson 1959: 134

endringsprosessar som starta før krigen, men som skaut fart i krigsåra. Konfeksjonsdressen vart mote. Folk som jobba bak ein disk eller på kontor hadde bruk for ein konfeksjonsdress i arbeidet sitt. Sjølv om "kvitsnipp"-yrka vart meir vanleg fekk òg industriarbeidaren betre tid med innføringa av åttetimers-dagen. Både arbeidsgrupper fekk meir fritid som gjorde at dei trong fleire konfeksjonsvarer enn før. Det vart vanleg for fleire arbeidsgrupper å eige klede som både dressar, frakkar, hatt og slips og konfeksjonsfabrikkane fekk dermed ein større marknad å selje til.<sup>45</sup>

Som resten av landet stod Superb overfor store økonomiske problem i mellomkrigstida. Konkurransen frå utlandet vart større. Både Tyskland og England vart sentrale aktørar på den norske marknaden, fordi dei klarte å produsere meir lønsame klede til ein god pris.<sup>46</sup> For å redusere produksjonskostnadene la Superb om produksjonsmåtane sine. Produksjonen måtte rasjonaliserast, og i 1924 tok Superb i bruk kjedesaum. Dette var eit brot med tidligare produksjon, for no vart fleire syersker med på å fullføre eitt plagg. Dei ulike syerskene fekk i oppdrag å spesialisere seg på ein del av eit produkt. Nokon vart altså ekspert på jakkeerme, andre vart ekspert på kragen eller lommer. Til slutt vart alt samla til ein frakk eller dress. Som eit resultat av at alle vart ekspert på sin del, vart produksjonen rasjonalisert.<sup>47</sup> Det som skjedde då, handla om ei aukande arbeidsdeling som vart vanlegare når gamle handverk vart industrialisert.

Utviklinga av fabrikkene viste altså ein stigande tendens fyrst på 1920-talet. Så kom det ei lita stagneringsperiode, før det heile tek seg opp igjen fram til den store krisa var eit faktum i fyrste del av trettiåra.<sup>48</sup> Gjennom 1920- og 30-talet gjekk Superb gjennom store rasjonaliseringsprosessar og Superb vart ein av Noregs mest moderne konfeksjonsfabrikkar. I likskap med andre fabrikkar sleit Superb ved starten av 1930-åra, men i 1932 fekk fabrikkene ei avtale om å produsere uniformer til jernbana. Dette gjorde at Superb kunne leggje om til heilårsproduksjon, ikkje berre sesongarbeid.<sup>49</sup> I tillegg fekk Superb i oppdrag å sy uniformer til landets tollvesen. Dette gjorde òg heilårsarbeidet enda meir føreseieleg.<sup>50</sup>

---

<sup>45</sup> Abrahamsen 1992: 163

<sup>46</sup> Abrahamsen 1992: 166

<sup>47</sup> Heramb-Aamot 1957: 44

<sup>48</sup> Heramb-Aamot 1957: 53

<sup>49</sup> Hagemann 1994: 153

<sup>50</sup> Heramb-Aamot 1957: 63

Ei viktig endring i arbeidskvardagen skjedde òg i løpet av denne perioden då fabrikkene i 1931 fekk den fyrste varige fagforeininga, Molde Konfeksjonsarbeiderforening.<sup>51</sup> Dette gjorde at arbeidarane på Superb vart dei fyrste som organiserte seg blant konfeksjonsarbeidarane i Romsdalen. Det skulle gå omlag fem år før arbeidarar frå andre fabrikkar vart med i foreininga.

Etter 20 år med ringverknader frå den fyrste verdskrigen vart det igjen tid for å tenkje nytt. Krigen hadde ført med seg økonomiske utfordringar og vanskar for verda, men òg spesifikt for konfeksjonsnæringa. Perioden bar preg av auka rasjonalisering og nye impulsar frå 1935 og framover mot den andre verdskrigen. Det vart både meir import og auka konkurranse. Etter alt å dømmе gjekk denne perioden fint for Superb. I 1936 kjøpte fabrikkene til dømes eit heilt nytt pressanlegg til 70 000 kroner, noko som var ei betydeleg investering.<sup>52</sup> I løpet av tiåret braut den andre verdskrigen ut i Europa, utan at det hadde noko innverknad på produksjonen på Superb. Under vinterkrigen i Finland produserte fabrikkene omlag 3000 uniformer. I løpet av våren 1940 hadde dessutan fabrikkene mykje arbeid som følge av den store etterspurnaden som krigen skapte.<sup>53</sup> Etterkvart som at Noreg vart okkupert fekk krigen også konsekvensar for Superb. Då gulltransporten gjekk gjennom Noreg vart gullbeholdninga plassert i kjellaren til Superb på veg over til England. Naturleg nok vart dette interessant for tyskarane. Superb-garden vart bomba og øydelagt enda ein gong. Fyrst den femte dagen etter bombeåtaket var bygninga så kald at ein kunne starte med oppryddinga og oppbygginga. Omlag fire månader etter tok ein i bruk andre og tredje etasje igjen, og fabrikkene opna produksjonen på nytt med 75 arbeidarar.<sup>54</sup>

Etter at fabrikkene vart bygd opp igjen etter bombeåtaket, fekk Superb eit oppdrag frå den tyske okkupasjonsmakta i Molde. Ein tyske sanitetslegen hadde forlist og trong nytt utstyr. Fyrst fekk Oscar Hanssen eit tilbod om å få inn 6-8 tyske skreddarar inn i fabrikkene for å reparere og lagre uniformer og anna materiell. Dette vart ikkje teke godt i mot, og Oscar Hanssen klarte å endre avtala til at det var Superb sjølv som skulle levere uniformer. Gjennom dei fem okkupasjonsåra, vart resultatet at Superb utførte arbeid til ein verdi av 3396 kroner for tyskarane, av ei totalomsetning på omlag 7 millionar.<sup>55</sup> Midt under desse

---

<sup>51</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 12.01.1931: 1-3

<sup>52</sup> Heramb-Aamot 1957: 66

<sup>53</sup> Heramb-Aamot 1957: 69

<sup>54</sup> Heramb-Aamot 1957: 73-76

<sup>55</sup> Heramb-Aamot 1957: 78

okkupasjonsåra skulle ein æra i Superb si historie ta slutt. Den 17.januar 1943 døydde Oscar Hanssen. Herleik Heramb-Aamot, Oscar Hanssen sin svigerson, vart etterfølgjaren hans.<sup>56</sup>

Eg har nå gjeve ei historisk framstilling av fabrikk Superb, fram til 1943, og konfeksjonsindustrien i Noreg og i Romsdalen. I neste kapittel skal eg sjå nærare på kvardagslivet i fabrikk. Kven var syerskene som jobba på Superb, og korleis var det å jobbe der?

---

<sup>56</sup> Heramb-Aamot 1957: 82-86



#### **4: Sosiale relasjonar horisontalt – syerskene som gruppe**

Som nemnt vart Romsdalen eit konfeksjonssentrum utover 1900-talet og dei fleste av som jobba i denne industrien i regionen var kvinner. Ein av føresetnadene for at konfeksjonsverksemda her blomstra slik ho gjorde, var tilgang på billig, kvinneleg arbeidskraft.<sup>57</sup> I 1940 var omlag 3000 arbeidarar i regionen sysselsatt innan konfeksjonsindustri. Ytst i Fannefjorden låg Molde, kor det etterkvart vart opna fleire fabrikkar og mellomverkstader for konfeksjonsproduksjon.<sup>58</sup> I 1940 var 480 arbeidarar tilsett ved konfeksjonsbedriftene i Molde, der Superb hadde omlag halvparten av desse arbeidarane.<sup>59</sup> Superb var altså ein stor arbeidsplass innan konfeksjon, men trass i det store talet på konfeksjonsarbeidarar i regionen var det berre 400 av dei 3000 arbeidarane i 1940 som var fagorganisert.<sup>60</sup>

For å sjå på denne tendensen skal vi avgrense oss til syerskene på Superb i Molde. Fanst det forhold mellom syerskene, altså horisontalt, som hemja eller fremja fagorganisering? For å kunne svare på dette skal vi prøve å sjå dei sosiale relasjonane mellom syerskene. Var det eit tett samhald mellom eller var dei individuelle syersker utan anna tilknytning enn at dei tilfeldigvis jobba på same arbeidsplass? Fans det ein særskild arbeidarkultuer på Superb? Kva hadde relasjonane mellom syerskene å seie for organiseringa? I dette kapittelet skal vi altså sjå på dei horisontale sosiale relasjonane på fabrikk. Primært er det perioden mellom 1905-1931 som vert utforska, men nokre forhold skal vi følgje litt inn i tida etter denne perioden.

#### **Faktorar som hemja organisering hjå syerskene**

Sidan arbeidarane i heile Romsdalen i mindre grad var fagorganiserte enn resten av landet, er det mykje som tydar på at det var ein regional forskjell som gjorde at heile regionen Romsdalen "hang etter" på dette området. I 1936 skreiv Bekledningsarbeideren at «Organisasjonen var for bare få år tilbake et så godt som ukjent begrep blandt konfeksjonsarbeiderne i Romsdalen».<sup>61</sup> Dette vart skreve fem år etter at fagforeininga på Superb kom på plass, noko som viser oss kor trått og langsamt organiseringsarbeidet gjekk generelt i Romsdalen.

---

<sup>57</sup> Hagemann 1988: 258

<sup>58</sup> Wicken 1980: 15-16

<sup>59</sup> Olav Wicken, *Konfeksjonsindustrien i Romsdal i 1930-årene* (Hovudfagsoppgåve i historie). Universitetet i Oslo, 1977: 105

<sup>60</sup> Wicken 1980: 15-16

<sup>61</sup> Bekledningsarbeideren 1936: 38

Vidare skreiv Bekledningsarbeideren:

«Men de senere års opplysningsarbeide har båret frukter, slik at man nu kan regne med at det bare vil være et tidsspørsmål når arbeiderne også her slutter sig sammen med den øvrige arbeiderklasse.<sup>62</sup>

Dette tyder at Bekledningsarbeideren ikkje såg på arbeidarane i Romsdalen som ein del av den «øvrige arbeiderklasse». Det fanst eit skilje her, mellom det Bekledningsarbeideren såg på som arbeidarklassa og arbeidarane i Romsdalen. Dei uorganiserte arbeidarane i konfeksjonsindustrien i Romsdal kan ikkje ha vorte sett på som ein del av arbeidarrørsla. Historikaren Knut Grove peika på ein liknande tendens på Vestlandet. Sjølv om Grove har teke for seg andre arbeidarar enn dei som jobba i konfeksjon, fanst det regionale forskjellar som gjorde at Vestlandet hang etter i organiseringsarbeidet generelt. Arbeidarrørsla si nedslagskraft var svekka på Vestlandet.<sup>63</sup> Den uorganiserte arbeidarklassa var ikkje knytt til arbeidarrørsla. Desse arbeidarane såg på bedriftsleiinga som ein samarbeidspartnar i staden for ein motstandar, og opplevde egalitet i staden for solidaritet.<sup>64</sup> Dei var tettare knytt til lokalsamfunnet enn til den nasjonale arbeidarrørsla. Difor gav det meining å prate om ein regional arbeidarkultur som i større grad var forankra i lokalsamfunnet og bedrifta i staden for arbeidarrørsla. Dette er eit moment som kan vere med å forklare kvifor arbeidarane i Romsdalen i mindre grad var fagorganiserte enn i andre delar av landet. Fanst det ein liknande tendens på Superb?

Det var nok fleire faktorar som bidrog til at fagorganiseringa gjekk treigt i heile Romsdalen. Då Molde vart by i 1742, skilte den seg får bygdene rundt på mange måtar. Molde var sentrum, mens bygdene rundt låg i periferien. Etterkvart som at konfeksjonsindustrien blømde, søkte fleire syersker seg til Molde for å få arbeid. Etterkvart vart desse syerskene ein del av det som etterkvart berre vart kalla «den romsdalske skreddertausa».<sup>65</sup> Nini Roll Anker beskreiv desse skreddartausene som jobba i Molde i sin roman *Den som henger i en tråd*:

«Arbeiderskene var populære på sin vis, de også. De fleste var nette i klærne – sy kunne de jo. Og unge ansikter pyntet opp i gaten. (...) Stort sett var oppfatningen i arbeiderkretser den samme. Jentene på konfeksjonen var ikke blant dem som hadde det verst (...)»<sup>66</sup>

---

<sup>62</sup> Bekledningsarbeideren 1936: 38

<sup>63</sup> Grove 2016: 37

<sup>64</sup> Grove 2016: 59

<sup>65</sup> Abrahamsen 1992: 173

<sup>66</sup> Nini Roll Anker *Den som henger i en tråd*. H. Aschehoug & Co: Oslo, 2001: 12



Dette sitatet er brukt for å seie noko om hennar si oppleving av sin tids verkelegheit. Det gjer at vi kan bruke sitatet som beretning om forhold som Nini Roll Anker hadde kunnskap om. Sidan Nini Roll Anker voks opp i Molde, hadde ho nok kunnskap til å uttale seg om korleis syerskene i Molde oppførte seg i bybilete. Som leivning er det relevant å sjå på sitatet som uttrykk for ei sannsynleg oppfatninga av syerskene i Molde. Det å bruke skjønnlitterære kjelder i arbeid med arbeidslivshistorie kan hjelpe oss til å leve oss inn i fortida. Særleg om det ikkje finst levande menneskje til å fortelle om forholda som skal undersøkast.<sup>67</sup>

Ut frå sitatet frå Anker er det lett å tenkje seg til at syerskene i Molde vart sett på som *ei* gruppe. Sjølv om biletet Anker beskriv, kan vere idealisert, er det tydeleg at den romsdalske skreddartausa var ein synleg del av bybilete i Molde. I bygdene rundt Molde var nok syerskene i større grad i kontakt med skreddarar og syersker både i arbeid og fritid. Det var mindre forhold, og grannen var kanskje òg den du satt ved sidan av på arbeidsplassen din. Dei same tendensar kan det ha vore spor av i Molde òg, men Molde var framleis større. Molde var ikkje ein storby på noko som helst måte, men forholda var likevel større her enn elles i regionen. I sitatet frå Anker ser ein at syerskene opptrjedde saman i bybiletet som ei gruppe. Frå andre kjelder ser ein at «den romsdalske skreddartausa» var ein markant skikkelse i bybiletet i Molde.<sup>68</sup> Dette gjorde nok situasjonen deira annleis enn i bygdene omkring.



Figur 1: Kart over rekrutteringa av syersker til Molde (laga av forfattaren)

<sup>67</sup> Edvard Bull d.y. *Retten til en fortid – sosialhistoriske artikler*. Universitetsforlaget, 1981: 102 - 103

<sup>68</sup> Abrahamsen 1992: 173

Dei fleste av syerskene i Molde kom frå ytre Romsdal, altså kystkommunane som Fræna, Bud, Hustad, Aukra og Sandø. Få av dei syerskene som arbeidde i byen, var oppvaksen i Molde. I tillegg til syerskene frå kystkommunane, var det mange frå båe sider av Langfjorden. Storparten av syerskene i Molde kom altså frå bygdene rundt, og kanskje særleg Bolsøy som var nærmast, sjå kart. Det kan sjå ut til at fleire av syerskene òg vart rekruttert, mot at den som fekk rekruttert inn nye syersker til fabrikkens fekk betalt. Denne rekrutteringa vart det skreve om i arbeidarparti-avisa Folkets Ret i 1916. «(...) Endel av fabrikkens arbeidere har paatat sig lakeitjeneste og de skal ha 10 kroner for hver person som de kan skaffe til byen». <sup>69</sup> Det var altså snakk om å verving av ny arbeidskraft til fabrikkens, mot ei lønning på ti kroner per ny arbeidar. Dette vart ikkje godt motteken av avisa, men viser oss at det forgjekk rekruttering frå bygdene rundt til Superb.

Trass i at syerskene i stor grad kom frå nabobygder og kommunar i nærleik av Molde vart dei ofte oppfatta som eit framandelement i bybiletet. Dette var noko som kanskje endra seg i løpet av historia til Superb, men for vår periode var dette synet på syerskene vanleg. Som ein ser på kartet var det snakk om såpass store avstandar at det ikkje let seg gjere å reise heim når ein sjølv ynskte. Difor er det truleg at syerskene ofte heldt seg saman, både på jobb, men òg etter ferdig arbeidsdag. <sup>70</sup> Sidan dei fleste kom frå andre kommunar vart dei på mange måtar tatt ut av den vante tilhøyrsla i bygdene dei kom frå, og putta inn i heilt nye situasjonar i byen. Dei vart *lausrivne* frå sin bakgrunn. Samhaldet mellom syerskene var sterkt. Bertha Halsnes, ei syerske på fabrikkens mintest:

«Vi hadde det så koselig (...), lyse og vennlige lokaler ned mot sjøen. Det var kameratskap i flokken. Praten gikk mens vi arbeidet og kaffe kunne kokes på pressfyren.» <sup>71</sup>

Det at dei fleste syerskene ikkje hadde familie i byen, spela truleg ei rolle for fellesskapet på fabrikkens. Dei relasjonane som vart til på fabrikkens, kan ha vore dei nærmaste "familierelasjonane" syerskene hadde i kvardagen. Dette utgjorde truleg ein vesensforskjell mellom syerskene i byen og i bygdene. Syerskene i Molde kunne få ei større *kontaktflate*. Dei hadde også moglegheit til å kome i kontakt med andre utanfor fabrikkens i mykje større grad enn i bygdene rundt.

---

<sup>69</sup> Folkets Ret 23.09.1916: 1

<sup>70</sup> Abrahamsen 1992: 173-174

<sup>71</sup> Heramb-Aamot 1957: 31

Liv Havnes, som starta jobben sin på Superb i 1923, trakk fram at:

«Der var ingen orden på arbeidstiden, bestemmelsen var å begynne kl. 8 morgen og slutte kl. 7 aften med en times middag. Men vi hadde lyst til å tjene penger og satt ofte til kl.10 om aftenen»<sup>72</sup>

Med ein slik kvardag er det nærliggande å tru at kontaktflata i realiteten ikkje vart nytta til det optimale. Livet handla mest om arbeid og å tene så mykje pengar som mogleg. Ein vart kjent med dei ein arbeidde med *på jobb*, men hadde ikkje tid til å lage seg andre nettverk utanfor fabrikk.

Syerskene på Superb måtte ha ein stad å bu, når dei flytta til Molde for arbeid. Då måtte dei kanskje kontakte folk som ikkje var tilknytt fabrikk for å leige husrom, sidan så mange av syerskene ikkje hadde familie i byen.<sup>73</sup> Likevel var det nok mange av syerskene på Superb som ikkje nytta denne kontaktflata utover sjølv leigeforholdet, nett fordi dei jobba mykje, som vi las ut i frå sitatet. I tillegg fekk syerskene moglegheit til å leige seg bustad frå Superb. Etter den fyrste verdskrigen kjøpte Superb nemleg inn to hybelhus til sine arbeidarar. Svein Heramb-Aamot, fabrikk sin siste direktør, mintest Superb sine hybelhus:

«Jeg vet at min bestefar [Oscar Hanssen] kjøpte et par hus i Molde der han leide ut rimelig til ansatte som kom fra andre steder. Molde var fra 1905 og utover en embedsmannsby og det var få å rekruttere til industri i byen. Rekrutteringen kom fra mange bygder i Romsdal og det var ikke vanlig å leie ut hybler på den tiden. Dette varte også så sent som på 50-tallet da min far bl. annet kjøpte en tyskerbarakke på Utstillingsplassen til bedriften hvor det var 12 - 15 hybler.»<sup>74</sup>

Superb kunne altså stille med husrom til syerskene som kom frå bygdene rundt. Dei hadde ikkje dei same føresetnadene for å skaffe seg hus som dei som budde i Molde. Ordninga med hybelhus knytte arbeidsstokken tettare til bedriftsleiinga. Under slike kår vart den moglege kontaktflata som by-jobb kunne gje, innsnevra ytterlegare. Dette kan ha vore med på å hemja organiseringa. Behovet for å høyre til i ein anna organisasjon var ikkje like stort, då dei horisontale banda på Superb etter alt å dømme var tette. Syerskene arbeidde og budde saman. Det kan tenkjast at dette tette fellesskapet mellom kvinnene på fabrikk gjorde at sjølv behovet for fagorganisering vart noko mindre.

I tillegg til at fabrikk kunne leige ut rom til syerskene sine, hadde Superb eit eget bedriftskjøkken. Dette vart starta opp i 1919, og på kjøkkenet vart det servert middag for

---

<sup>72</sup> Heramb-Aamot 1957: 46-48


<sup>73</sup> Hagemann 1988: 268

<sup>74</sup> Svein Heramb-Aamot, personleg kommunikasjon, 10.04.2019

arbeidarar og funksjonærar.<sup>75</sup> Eit slikt tiltak kan ha vore med på å styrke det nære og tette forholdet ytterlegare. Ein jobba saman, budde saman og åt saman. Tilhøva låg med andre ord til rette for eit tett sosialt samhald på Superb. Det er sjølvstøtt vanskeleg i ettertid å kartlegge kven syerskene var saman med og ikkje. Men fleire av dei som har undersøkt konfeksjonsindustrien i Romsdalen har lagt vekt på desse tilhøva. Både Gro Hagemann og Olav Wicken skreiv om dette samhaldet mellom syerskene. Det same gjer ei syerske som jobba på Superb mot slutten av fabrikkens levetid. Når ho nemnte at det fanst eit samhald såpass mykje lengre fram i tid enn i perioden denne oppgåva omhandlar, er det nærliggande å tenkje seg til at det same gjaldt tidlegare også.<sup>76</sup> Både desse undersøkingane står nærmare vår tidsepoke, og hadde nok betre grunnlag for å sjå på desse forholda. Hagemann trekker òg fram at trass i at syerskene i Molde hadde moglegheit for ei større kontaktflate enn i bygdene rundt Molde, var det likskapstrekk hjå syerskene i Molde og bygdene rundt. Dette gjaldt særleg korleis dei budde. Både i Åndalsnes og i Molde budde syerskene på stader kor syerskene ikkje hadde andre familiære relasjonar.<sup>77</sup> Dette gjer det nærliggande å tenkje seg til at dei andre syerskene i større grad var dei som erstatta desse relasjonane når dei budde i desse hybelhusa.

Syerskene var altså knytte til fabrikkens på fleire måtar både gjennom arbeidet, men òg som gruppe. Dette kan ha medverka til å hemja organisering på fabrikkens – i alle fall så lenge organisering ikkje hadde vorte allment akseptert. Dei tette sosiale forholda gjorde kvar og ein synleg, og det kan ha "kosta" å meine noko anna enn det fleirtalet meinte om til dømes fagorganisering. Med så tette band horisontalt, kan det verke som at mange av syerskene vart verande på fabrikkens gjennom i heile arbeidslivet.

Figur 2: Oversikt over kor mange år syerskene var tilsette på Superb



<sup>75</sup> Hagemann 1988: 269

<sup>76</sup> G. A. Gjendem, personlig kommunikasjon, 28.02.2019 (syerske tilsett på Superb frå midten av 1960-talet)

<sup>77</sup> Hagemann 1988: 269

Dette diagrammet viser tydeleg at arbeidsstokken på Superb var relativt stabil i vår periode. Syerskene som vart tilsette i vår periode, 1905 – 1945, markert i blått, var stort sett tilsette på Superb heile si yrkesaktive karriere. Dei fleste av syerskene i vår periode var i tillegg tilsett på Superb i minimum 21 år. Syerskene som var tilsette etter vår periode, 1946-1975, markert i oransje, hadde ein mykje større gjennomtrekk. Der var dei færreste tilsette i like lange periodar som dei som var tilsette frå 1905-1945.

Det er på sin plass med nokre kommentarar til sjølve materialet før vi går inn på kva desse tala kan ha hatt å seie for fagorganiseringa på Superb. Ein må då sjå nærare på materialet som diagrammet er basert på. Tala er henta frå ein arbeideroversikt til fabrikk. Denne var det Birgitte Vestneshagen, som medan anna hadde ansvar for løn, starta på i 1961. Opplysingane om tilsetningstid før 1961, var basert på tidligare kartotek i Superb sine arkiv. Det kan altså tenkjast at gjennomtrekken var større i den fyrste perioden enn det som kjem fram av diagrammet. Dette er fordi det ikkje er sikkert at syersker som var tilsett for ei kortare periode, vart kartlagt på same måte som dei som var tilsett i 1961 og framover. Til trass for dette ser ein i oversikta at det er registrert personar som berre var tilsett for eit år allereie frå 1943. Dette indikerer at dei, i 1961, hadde oversikt over folk som berre var tilsett for kortare periodar allereie frå 1943. Det er ikkje mogleg å finne anna talmateriale om arbeidarane på Superb og dette er difor det nærmaste ein kjem for å lage ein personalstatistikk for arbeidsstokken. Men det er altså godt mogleg at det finst manglar i kjeldemateriale frå 1905-1943 nett fordi dette er såpass gammalt, og det ikkje finst noko alternativ oversikt.

Den siste direktøren på Superb, Svein Heramb-Aamot, kommenterte gjennomtrekken hjå syerskene på fabrikk i vår periode med følgande kommentar:

«Det er nokså klart er at gjennomtrekken i den perioden du nevner [1905-1945] nok var liten. Du må huske på at arbeidsmarkedet for kvinner var ganske så begrenset i regionen og at de som fikk en jobb holdt på den. Dessuten var Superb "lønnsledende" ihvertfall innen konfeksjon/skredderi og kjent for gode arbeidsforhold.»<sup>78</sup>

Som ein ser av diagrammet var det tydeleg at syerskene som starta på Superb i dei fyrste åra, treivst i jobben sin. Dette intrykket Svein Heramb-Aamot også. Dei som vart tilsette i den fyrste perioden, altså frå 1905 og fram til og med 1945 jobba på Superb i minimum 21 år. Diagrammet viser òg tydeleg at syerskene som vart tilsette var ei stabil gruppe. Dei som vart tilsett på Superb jobba der lenge, og behovet for å finne ny arbeidskraft vart mindre. Ein

---

<sup>78</sup> Svein Heramb-Aamot, personleg kommunikasjon, 02.05.2019

hadde altså mest sannsynleg ein arbeidsstokk utan store utskiftingar i løpet av ei periode på omlag 40 år. Trass i at fabrikkene ikkje la om til heilårsdrift før i 1932, vart syerskene på Superb verande på fabrikkene. Syerskene skifta altså ikkje jobb sjølv om jobben dei gjorde ikkje gav arbeid heile året. Dei jobba fast innanfor dei sesongane som fanst, heile si karriere på same fabrikk. Dette kan både tyde på at syerskene på Superb jamt over var fornøgd i jobben sin og om ein lojalitet frå syerskene. Det er nærliggande å tenkje seg til at denne lojaliteten òg vart sterkare med åra. Dette kunne vere positivt for fabrikkene. Det å ha erfarne og kunnskapsrike syersker på jobb gav stabile arbeidsdagar. Leiinga visste at syerskene utførte arbeidet på riktig måte, og syerskene hadde stor kompetanse i yrket.

Ser ein det på eit anna vis, førte ein så stabil arbeidsstokk til at syerskene på Superb fekk ein ganske høg gjennomsnittsalder etterkvart. Dette gav utslag i produktiviteten i fabrikkene. Særleg når nye produksjonsmetodar og nytt moderne maskinutstyr skulle takast i bruk, kunne dei eldre syerskene henge etter. Dette viser oss to ting. Syerskene på Superb likte seg på fabrikkene, elles hadde dei ikkje jobba der i så lange periodar. Der fekk dei ein tilsynelatande meir "føreseieleg" arbeidskvardag enn til dømes på dei andre konfeksjonsverkstadene i byen. Samstundes såg ikkje leiinga på Superb dei syerskene som kanskje var mindre produktive, som eit så stort problem at dei mista jobben sin.

Om vi ser utanfor den perioden som all hovudsak vert behandla i denne oppgåva, ser ein andre utvikingstrekk etter 1950-talet. Frå då av fekk arbeidsstokken på Superb ein auka gjennomtrekk. Dette gjaldt fyrst og fremst dei som hadde vore tilsett i dei kortaste periodane. Omlag 100 av dei som vart tilsette i perioden jobba i eitt år eller mindre. Framleis var mange av syerskene på fabrikkene verande i meir enn 5 år, som var ei god stund på ein og same arbeidsplass. Dette vitna om at sjølv om syerskene på 1950-talet hadde ein auka gjennomtrekk på Superb, var det fortsatt ein relativt stabil arbeidsstokk her.

Ut i frå diagrammet er det nærliggande å tenkje seg at dei lange og stabile arbeidsforholda var ein av årsakene til at organiseringa tok tid på Superb. Mange av dei som vart tilsett i tida før den fyrste varige foreininga kom på plass, hadde jobba kontinuerleg på fabrikkene gjennom denne perioden. Dette kan tyde på at tilknytninga til fabrikkene var sterkare enn til arbeidarrørsla. Syerskene var såpass knytte til sin faste arbeidsplass, og opplevde ikkje eit behov for å organisere seg i ei rørsla dei kan ha sett som framand. På den andre sida kan den seine oppslutninga på òg handle om at det berre fanst sesongarbeid fram til 1932. Syerskene

på fabrikkens såg difor kanskje heller ikkje at det var behov for å organisere seg for sesongarbeid.

Det at Superb i all hovudsak var ein arbeidsplass for kvinner, og nett det at syerskene var kvinner, kan i seg sjølv ha vore ein faktor som hemja organisering. Det er nærliggande å tru at dette på den eine sida styrka samhaldet på fabrikkens, men òg at det kan ha hindra ein eventuell organisering. I denne undersøkinga har eg ikkje kjelder som gjev grunnlag for å granske denne samanhengen grundigare, men meiner at kjønnsdimensjonen likevel må tilleggas ei viktig rolle. Vi veit at kvinnerolla i samfunnet på denne tida gjorde at det å opponere mot leiinga ikkje var noko sjølvst. Det difor god grunn til å tru at kjønn kan ha spela ei viktig rolle som hemjande faktorar for fagorganiseringa.

Dei stabile horisontale banda kan ha styrka organiseringa når ho fyrst slo igjennom. Samhaldet gjorde at det kunne vere verre å stå utanfor foreininga når dei fleste fyrst hadde vorte med. Det tette miljøet kan ha styrka det som til ei kvar tid var den rådande haldninga. Fyrst hadde syerskene ei haldning om at det var greitt å ikkje organisere seg, det var ikkje hensiktsmessig. Ein skulle ikkje organisere seg mot arbeidsgjevaren. Men i 1931, då fagforeininga vart etablert, var det ikkje greitt å svikte kollegane ved å ikkje ville vere med i foreininga. Slik kan tette forhold og stabil tilknytning til miljøet, tenkast å ha styrka det som til ei kvar tid var rådande haldning. Så lenge det var å ikkje vere organisert, ville ein stikke seg ut ved å ville organisere seg. Når organiseringa først fekk gjennomslag, vart det omvendt: å stå utanfor vart å da å stikke seg ut.

### **Faktorar som fremja ei organisering hjå syerskene**

Det fanst spor av ei fagforeining på Superb heilt tilbake til 1909. Denne foreininga vart nemnd i byhistoria utan at vi har noko meir informasjon om fagforeininga var kort- eller langvarig. Det einaste ein veit om denne foreininga var at ho i 1921 ikkje fanst lengre. På dette tidspunktet, i 1921, var ingen av konfeksjonsarbeidarar knytte til ei foreining. Dei fleste konfeksjonsarbeidarane i Romsdalen var uorganiserte. I 1928 vart Witalis Andersen valt til ny forbundsmann i Bekledningsarbeiderforbundet. Då vart ei av hovudsakene å etablere seg på Vestlandet. I løpet av dei neste ti åra dreiv forbundet med aktiv agitasjonsverksemd med varierende suksess.<sup>79</sup> Den 13. januar 1931 vart 130 skreddarar frå

---

<sup>79</sup> Wicken 1977: 26

Superb invitert på eit møte med Romsdals faglige distriktsorganisasjonstyre saman med Witalis Andersen frå Norsk skredderforbund.

Her heldt Witalis Andersen eit:

«(...) overbevisende foredrag over organisasjonsprinsippet. (...) Formanden sluttet sitt saklige og overbevisende foredrag med en kraftig appell til samtlige opmøtte om å slutte seg sammen om organisasjonen.»<sup>80</sup>

Etter ein diskusjon vart forsamlinga einige om å danne Molde skredderforening tilslutta det Norske skredderforbundet. Forslaget vart vedteken med stort fleirtal, og alle dei som møtte opp vart med i den nye foreininga. Det fyrste styret bestod av Leif Hansen (formann), Nils Løvik (viseformann), Henriette Ødegård (sekretær), Wilhelm Hokstad (kasserer), Erika Ellingseter, Karen Hatlen og Otilie Malme.<sup>81</sup> I dette styret var altså majoriteten kvinner. Det tolkast som eit uttrykk for at kvinnene på Superb hadde sjølvtilitt til å styre si eiga foreining. Dei overlèt ikkje menn til å vere leiarar åleine, men stilte også sjølv. På den andre sida gav dette eit bilete av at dei fagforeiningsaktive ynskte å få med seg heile fabrikk. Kvar av dei valte i styret var nemleg representantar frå dei ulike avdelingane på fabrikk.<sup>82</sup> Når ein person var valt frå kvar avdeling, kunne foreininga enklare vidareformidle bodskapen til dei som ikkje var til stades på møtet. Ved å sette ein person frå kvar arbeidsavdeling i styret til fagforeininga, vart medlemmane rekruttert frå heile fabrikk, ikkje berre frå ei avdeling, eller ei gruppe arbeidarar. Dette kunne verka som eit insentiv for den uorganiserte arbeidsstokken.

Etter dette møtet gjekk ikkje etableringa av foreininga heilt smertefritt for seg. Diskusjonen mellom leiinga og foreininga i månadene som kom, førte med seg «mange vidervedigheter».<sup>83</sup> I eit møte i mars, med fabrikkens direktør Oscar Hanssen, truga han med «(...) å nedlegge fabrikk hvis arbeiderne fremdeles vil være organisert å forlange Oslotariffen gjennomført».<sup>84</sup> Fyrst i mai 1931 fekk fabrikk i stand ei ordning. Heilt fram til 1936 var Molde Konfeksjonsarbeiderforening berre beståande av arbeidarar frå Superb. Men i januar 1936 vart arbeidarar frå Hagås mellomverkstad med i foreininga, og ved starten av året

---

<sup>80</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 12.01.1931: 1-3

<sup>81</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 12.01.1931: 2

<sup>82</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 12.01.1931: 2

<sup>83</sup> Årsberetning over Molde Konfeksjonsarbeiderforening 1945: Blad 1

<sup>84</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 13.03.1931: 13



1937 vart òg Bugge og Mjelva sine arbeidarar med i foreininga. I 1937 vart alle konfeksjonsbedriftene samla i Molde Konfeksjonsarbeiderforening. Medlemstalet var no oppe i 438.<sup>85</sup>

I løpet av 1930-talet vart organisasjonstanken akseptert i heile Molde. Denne tendensen var likevel ikkje eineståande for berre Molde. Den same aksepten vart i større grad gjeldande i heile samfunnet. I løpet av 1920-talet auka opplysningsarbeidet om organisasjonsretten, og i 1931 fekk ein òg Arbeidernes Opplysningsforbund.<sup>86</sup> I samband med arbeidsløysa på 1930-talet forma Landsorganisasjonen og Arbeiderpartiet i fellesskap «det arbeidende folks krisekrav». Denne krisepolitikken gjorde at folk på nasjonalt plan, sette sin lit til arbeidarrørsla i mykje større grad. Den same politikken gjorde at Arbeiderpartiet for fyrste gong danna ei varig regjering i 1935 – som skulle vare i over 30 år.<sup>87</sup> På 1930-talet såg ein altså ein større aksept for organisasjonstanken på nasjonalt nivå. I heile samfunnet var organisasjonstanken på full frammarsj mot å bli akseptert mykje meir enn før. Denne nasjonale aksepten må ha gjort det noko lettare å få ein aksept lokalt.

Ein av grunnane til at Superb sine arbeidarar var dei einaste organiserte i Molde i omlag fem år, kan vere det Bekledningsarbeideren omtala som *kaksementalitet*.<sup>88</sup> Denne kaksementaliteten handla om mellommeistrane i Molde. Dette var altså dei som hadde mellomverkstader for konfeksjon, men ikkje i like stor skala som den ein såg på Superb. Kaksementaliteten som vart praktisert blant meistrane i Molde, gjekk i all hovudsak ut på å truge arbeidarane sine når spørsmålet om organisering kom opp. Kaksementaliteten vart eit uttrykk for ein autoritær leiarstil, og desse trugsmåla fungerte. For oppslutninga om organisering på mellomverkstadene let vente på seg, samanlikna med Superb. Bekledningsarbeideren skreiv at «de er mange de arbeidere som har vært truet med, at hvis de organiserte sig, fikk de slutte på dagen!» om arbeidarane på verkstadene.<sup>89</sup> Superb fekk ein anna omtale i tidsskriftet. Superb, var ei av dei bedriftene som vart omtala som «enkelte hederlige undtagelser».<sup>90</sup>

---

<sup>85</sup> Årsberetning over Molde Konfeksjonsarbeiderforening 1945: Blad 1

<sup>86</sup> Edvard Bull d.y., *Norsk fagbevegelse – oversikt over fagorganisasjonens utvikling utvikling*.

Tiden norske forlag. 1968: 65

<sup>87</sup> Bull d.y. 1968: 134

<sup>88</sup> Bekledningsarbeideren 1936: 39

<sup>89</sup> Bekledningsarbeideren 1936: 39

<sup>90</sup> Bekledningsarbeideren 1936: 40

Ser ein på det slik kan vi skilje Superb frå mellomverkstadene på denne såkalla "kaksementaliteten". I 1931 fekk arbeidarane på Superb gjennom sine krav om organisasjonsretten. Ei slik haldning kom ikkje på plass før seinare på mellomverkstadene. Gjennom fleire møter og diskusjonar i løpet av våren 1931, var fagforeininga skipa på Superb, og i løpet av dei fyrste månadene vart 130 av arbeidarane organisert.<sup>91</sup> Ein kan altså si at fråværet av det Bekledningsarbeideren omtala som kaksementalitet var med på å fremje organisering på Superb, mens nærværet av kaksementalitet på mellomverkstadene var med på å hemje organiseringa utanfor Superb.

Fleire har prøvd å beskrive korleis fagorganisering kunne oppstå på ein arbeidsplass. Knut Kjeldstadli har peikt på fleire faktorar som måtte vera til stades for at organiseringa skulle oppstå på ein fabrikk. Fabrikken måtte ha ei gruppe lønstakarar som kunne organisere seg. I tillegg måtte det vere ein sosial struktur, ein *klassestruktur*. Når ein tok del i denne strukturen kom arbeidarane i ein posisjon som gav gruppa visse felles interesser som løn og sikkert arbeid. Innanfor gruppa kunne ein framleis ha fleire interesser og identitetar. Kjønn, religion og etnisitet kunne vere faktorar som danna ulike interesser. Samstundes var det likevel nokre ting som sameina på tvers av dette, noko som etablerte eit "vi" mot "dei", og såleis ga dei grunnleggande premissane for organisering. Kjeldstadli samanfatta denne sameininga i tre punkt. For det fyrste måtte det vere ein felles ideologi. For det andre måtte ein ha ei samling mot ein felles motstandar. Til slutt handla det om å få med menneskje i ein felles praksis, ein felles interessepolitikk. Dette er på sett og vis tre føresetnader for at fagorganisering skulle oppstå.<sup>92</sup>

For Superb sin del var det nok denne forståinga av klassestruktur som i størst grad mangla i tid før 1931. Det såg ikkje ut til at det fanst eit "vi" mot "dei" på Superb før arbeidarane etterkvart vart gjort merksame på slike forhold gjennom den auka agitasjonsverksemda. Dette kunne ein mellom anna lese i Folkets Ret. I 1916 skreiv dei at Superb «mangler en god organisasjon og den dermed følgende klassesolidaritet».<sup>93</sup> Her må ei endring ha skjedd i tida fram mot 1931. Det kan jo vere vanskeleg å peike på kva som kom fyrst. Vart klassemedvitet styrka av organiseringa eller var det omvendt? Arbeidarane si oppfatning av klassekjensle vart sterkare gjennom medlemskap i ei fagforeining. Då vart arbeidarane innlemma i eit

---

<sup>91</sup> Årsberetning over Molde Konfeksjonsarbeiderforening 1945: Blad 1

<sup>92</sup> Kjeldstadli 2018: 210-211

<sup>93</sup> Folkets Ret 23.09.1916: 1

fellesskap, som nettopp var basert på klassekjensle. Samstundes vart ikkje foreininga til utan at arbeidarane sjølv ville ta del i dette fellesskapet. Arbeidarane valte aktivt å assosiere seg med arbeidarrørsla. Dette var eit brot med den mentaliteten som var gjeldande hjå arbeidarane før.

Syerskene på fabrikkjen var nok knytte saman som gruppe, men hadde truleg ikkje ei tydeleg forståing av at denne gruppa hadde interesser som stod i motsetnad til leiinga på fabrikkjen. Etter at agitasjonsverksemda i Molde vart trappa opp, vart utviklinga ei anna. Ein felles ideologi, basert på Bekledningsarbeiderforbundet sine haldningar, vart også gjeldande for arbeidarane på Superb. Då fekk arbeidarane ein felles motstandar, om berre for ei kort periode i etableringsfasa, som gjorde det enklare å etablere ein felles interessepolitikk. Som resultat fekk Superb si fyrste varige fagforeining i 1931. Eit anna viktig poeng er at Superb gjekk over til heilårsdrift i 1932.<sup>94</sup> Dette gjorde at arbeidarane på Superb fekk fast arbeid gjennom heile året, ikkje berre i sesongane. Denne omlegginga vart til, eitt år etter at fagforeininga vart oppretta. Ei slik endring kan òg vere ein del av forklaringa på at arbeidarane på fabrikkjen såg betre nytte av å vere organisert.

## Oppsummering

Det var fleire faktorar som hemja organiseringsarbeidet blant syerskene på Superb. Syerskene var etter alt å dømme ein samansveisa arbeidsstokk med tette band til fabrikkjen. Dei kom flyttande frå andre bygder rundt Molde og hadde ofte ikkje anna familie tilgjengeleg. Difor er det nærliggande å tenkje seg til at dei nærmaste venner og kjente syerskene på Superb hadde i byen, var andre syersker på fabrikkjen. Det er ikkje så vanskeleg å sjå for seg at ei syerske som ikkje hadde noko tilknytning til byen, søkte seg til dei andre kvinnene på fabrikkjen. Dette kan ha gjeve tette horisontale band som medførte at organiseringa ikkje vart etablert med ein gong. Det stabile samhaldet mellom syerskene kan sjåast som både ein hemjande og fremjande faktor. Det virka hemjande i form av at det var ei felles oppfatning i det å ikkje organisere seg mot leiinga. Samstundes virka det fremjande når foreininga fyrst var etablert. Då var det ikkje greitt å svikte sine kollegaer gjennom å ikkje organisere seg. Det tette miljøet bygde såleis opp under det som til ei kvar tid var den rådande haldninga. Arbeidsstokken var stabil trass i sesongarbeid. Det kan tenkjast at syerskene ikkje såg det same behovet for å organisere seg når arbeidet ikkje var kontinuerleg gjennom heile året, men berre i sesongar.

---

<sup>94</sup> Hagemann 1994: 153

Det er mogleg at ikkje berre dei sosiale endringane som skjedde lokalt var hovudårsakene til at tanken om organisering endra seg. Fagorganiseringa hadde hatt nasjonal framgang og fått aksept i same periode som fagforeininga vart oppretta på Superb. I heile landet var det i ferd med å vekse fram nye tankemåtar om å vere organisert. Arbeidarrørsla som ein vart ein del av ved å bli organisert, vart dermed ikkje lengre oppfatta som så farleg. Arbeidarrørsla var ikkje lengre forbunden med konflikt, men noko som alle godtok meir enn før. Den vart i aukande grad assosiert med samarbeid og arbeidsfred av både arbeidarane og arbeidsgjevarane. Gjennom møteverksemd utover året i 1931 fekk ein i større grad etablert ei klassekjensle blant konfeksjonsarbeidarane på Superb, noko som gjorde at ein til slutt fekk etablert Molde konfeksjonsarbeidar foreining.

Tette sosiale band mellom syerskene hemja organisering så lenge dei tette banda dei i mellom var kombinert med tette sosiale band også til fabrikk. Men noko endra seg ved opprettinga av fagforeininga. Kan det ha vore dei andre banda på fabrikk, altså dei vertikale banda som endra seg? Banda mellom arbeidsstokk og leiinga på fabrikk endra seg på ein måte som gjorde det meir naturleg å organisere seg. Oscar Hanssen var den fyrste direktøren på fabrikk, og var det fram til 1943. Korleis verka hans leiarstil hemjande og fremjande for fagorganiseringa på fabrikk? Det er altså dei vertikale banda vi skal sjå på i neste kapittel.

## 5: Sosiale relasjonar vertikalt - ein paternalistisk sjef?

Som vi har sett til no, var syerskene på Superb tett knytte til fabrikkjen. Dei horisontale banda var etter alt å dømme sterke. Det vi no skal vi sjå på er korleis dei vertikale banda verka hemjande eller fremjande på fagorganiseringa på fabrikkjen. Vi skal primært utforske den fyrste direktøren på fabrikkjen, Oscar Hanssen, sin leiarstil. Det var Hanssen som starta opp Superb i 1905, og han var direktør fram til 1943 då han døydde. Var dei vertikale banda prega av konflikt eller harmoni? Var leiinga fjern, med liten kontakt med arbeidsstokken, eller var det nære relasjonar? Fanst det paternalistiske trekk ved leiinga på Superb? Dette skal vi utforske i kapittelet.

Den paternalistiske leiarstilen var prega av omsorg for sine tilsette, men òg streng kontroll. Pater tyder far på latin, så ein paternalistiske leiar var prega av ei faderleg leiing. Ein paternalistisk leiar var ein sjef som var meir enn ein skikkelse ein *berre* såg på eit kontor på arbeidsplassen sin. Han var oppteken av livet til arbeidarane på og utanfor arbeidsplassen. Han var ofte ein pådrivar for å halde festar og andre arrangement i regi av arbeidsplassen, utanom arbeidstid.<sup>95</sup> Samstundes som at ein paternalistisk sjef hadde omsorg for sine arbeidarar, kunne han vere streng. Ein paternalistisk sjef var også ein som kunne hindre gjennomtrekk i arbeidstokken. Ved å vere ein hard motstandar i forhandlingar kunne han hindre at krav vart framsett av arbeidarane. Fylgjeleg kunne dette føre til ein meir stabil arbeidsstokk utan utskiftingar, men dette kunne også hindre at til dømes at lønnskrav vart pressa fram.<sup>96</sup>

Omgrepet "paternalisme" er eit omgrep som uttrykker noko grunnleggande mannleg. Premissen for heile omgrepet ligg i "pater", som tidligare nemnt tyder far på latinsk. Altså var dette ei form for leiing der kjernen var det mannlege og faderlege. Som vi såg frå sist kapittel var det mykje som tyder på at syerskene på Superb var knytte saman. Dette kan ha vorte forsterka gjennom å ha ein slags *farsfigur*, pater, som sjef. Kan det tenkjast at ein paternalistisk sjef òg kunne vere med på å skape den rådande haldninga til ei kvar tid?

---

<sup>95</sup> Edvard Bull d.y., *Arbeiderbevegelsens historie i Norge – Bind 1: Arbeiderklassen blir til (1850 – 1900)*, Tiden Norske Forlag: Oslo, 1985: 264

<sup>96</sup> Bull d.y. 1985: 269

Kunne dette resultere i at sjefen til dømes kunne hemje tanken organisering om han sjølv ikkje ville at arbeidarane skulle organisere seg? Var det dette som skjedde på Superb? Dette skal vi sjå på vidare i dette kapittelet.

### **Ein sjef som hemja tanken om organisering?**

For å sjå på korleis Oscar Hanssen var som leiar startar vi med slutten. I minneorda for Oscar Hanssen i Romsdals Budstikke stod det:

«Med konsul Hanssen har ikke bare Molde, men hele landets konfeksjonsindustri mistet en av sine dyktigste foregangsmenn og bærende krefter. Med fremragende dyktighet og energi gikk han inn for å løse de mål han hadde satte sig, og Confectionsfabriken A/S vil stå der som et værdig minne om hans innsats.»<sup>97</sup>

Her vart det tydeleg at Oscar Hanssen vart opplevd som ein markant skikkelse i konfeksjonsindustrien i Noreg. Det vart peika på at Hanssen var sterk fagleg og at han var målretta. Reint fagleg vart Hanssen oppfatta som heilt spesiell og sær s dugande. Vidare fortel Romsdals Budstikke:

«Konsul Hanssen var ikke bare den energiske og dyktige forretningsmann – som menneske var han forståelsesfull og hjelpsom når noen søkte hans råd og støtte. Og hans arbeidere og funksjonærer så opp til ham som den ideelle sjef.»<sup>98</sup>

Her peika avisa på dei personlege eigenskapane til Oscar Hanssen. Han vart oppfatta som ein trygg sjef og person som ein kunne prate med. Eit viktig poeng var at Hanssen vart omtala som den «ideelle sjef». Det interessante her er ikkje kor vidt han verkeleg var ein ideell sjef, men at dei som heidra han, beskreib han slik. Dette var ei avis som eigentleg ikkje hadde noko tilknytning til fabriken anna enn at dei fanst i same by. Det at Hanssen vart omtala på denne måten, fortel oss noko om relasjonane til arbeidarane sine, og korleis desse vart oppfatta i lokalmiljøet.

I tillegg til å vere direktør på Superb var han for ein periode visekonsul for Sverige og varamann til Stortinget i perioden 1922-1924. I 1930 vart Hanssen riddar av St. Olavs orden «for banebrytende virksomhet i konfeksjonsindustrien og mønstergyldige anordninger ved egen bedrift».<sup>99</sup> I same år vart han òg utnemnd til æresmedlem for Molde og Romsdals Handelsstands foreining. Frå 1935-1937 var Hanssen også ordførar i Molde.<sup>100</sup> Under den andre verdskrigen vart Superb-kjellaren hovudkvarter for politi og lotter, samt at kjellaren

---

<sup>97</sup> Romsdals Budstikke 18.01.1943: 3

<sup>98</sup> Romsdals Budstikke 18.01.1943: 3

<sup>99</sup> Romsdals Budstikke 21.10.1930: 2

<sup>100</sup> Romsdals Budstikke 21.10.1930: 2

vart brukt som bomberom for byen si befolkning. Då den norske gulltransporten vart frakta gjennom Noreg under krigen, vart Superb sin kjellar nytta som stoppested før gullbeholdninga vart sendt vidare over til England.<sup>101</sup> Trass i at Oscar Hanssen ikkje var fødd i Molde, viser denne aktiviteten oss at han var ein engasjert mann. Både i lokalmiljøet, fabrikkens sin og resten av næringslivet i Molde. Ut i frå sitata frå lokalavisa var det tydeleg at Hanssen var godt likt, både på og utanfor fabrikkens.

Om vi går litt tilbake i tid, då Superb hadde trettiårs-jubileum vart Oscar Hanssen beskrive i den lokale arbeidarparti-avisa Romsdals Folkeblad:

«Konsul Oscar Hanssen tilhører den konservative politikk; men han er ridderlig motstander med et sunt folkelig syn på dagens spørsmål og forståelse for det som rører sig innen arbeidsfolkets rekke. – En av de sjeldne.»<sup>102</sup>

Som den arbeidarpartiavisa Romsdals Folkeblad var, er det nærliggande å tenkje seg at dei ville ha ei litt meir kritisk oppfatning av Oscar Hanssen som var ein del av "eliten" i Molde. Ut i frå sitatet, ser det likevel ut til at Hanssen var respektert og anerkjent for sin leiarskilje. Romsdal Folkeblad trakk fram at Hanssen hadde god innsikt i kva som gjekk føre seg blant arbeidsfolka. Med erfaringa som kontorsjef i Jacobsen og Braastad, hadde Oscar Hanssen klart å etablere ei heilt ny bedrift i Molde som skulle vekse til å verta den største arbeidsplassen for kvinner i Molde, og romme over 200 tilsette i 1940.<sup>103</sup> Hanssen var direktør i heile denne vekstperioden, noko som gjorde han medviten om kor viktige dei tilsette var. Så sjølv om Hanssen ikkje var ein del av arbeidarclassa i Molde, hadde han god kjennskap til ho.

Ut ifrå sitata frå Romsdal Budstikke var Oscar Hanssen respektert i byen. Og det same gjaldt syerskene på fabrikkens. Bertha Halsnes, som starta som syerske på Superb allereie i 1911, minnst direktøren på Superb:

«Praten gikk mens vi arbeidet og kaffe kunne kokes på pressfyren. Men når Oscar Hanssen gikk gjennom lokalene ble det stille. Vi var svært glad i ham, men betraktet ham nærmest som en gud.»<sup>104</sup>

Dette sitatet er eit tydeleg uttrykk for paternalismen som rådde på Superb, og viser oss skilje mellom sjefen, pateren, og syerskene. Hanssen var respektert, men samstundes såg syerskene på fabrikkens på han som noko langt høgare enn resten av arbeidsstokken. Ved eit anna høve

---

<sup>101</sup> Bekledningsarbeideren 1947: 5

<sup>102</sup> Romsdal Folkeblad 29.10.1930: 3

<sup>103</sup> Wicken 1977: 105

<sup>104</sup> Heramb-Aamot 1957: 31


vart dette skilje mellom leiing og syerskene forsterka. Liv Havnes, som vart tilsett i 1923, peika på eit anna aspekt ved denne paternalismen:

«Kontrollør var Peder Slenes, og for ham hadde vi en veldig respekt. Han var en dyktig fagmann og når han skjente på oss, kunne det nok hende at tårene trillet. Så klappet han oss på skulderen og sa “lille venn”. Da var alt godt igjen og vi gikk opp for å gjøre arbeidet bedre.»<sup>105</sup>

Dette sitatet viser oss at andre mannlege mellomsjefar også var respektert. På eitt vis er dette noko vi i dag vil kunne kalle hersketeknikk, men i den tida dette skjedde, kan det òg ha vore eit teikn på paternalistisk maktutøving. I desse sitata er det enda klårare at syerskene hadde respekt for leiinga på fabrikkjen. Sjølv om ein fekk krass kritikk, fanst det framleis lojalitet mellom syerske og mellomleder. Både beskrivinga av Oscar Hanssen og Peder Slenes tyder på at deira stilling på fabrikkjen gjorde at ein såg opp til dei. Dei hadde god kompetanse innanfor feltet, var gode fagfolk, og vart oppfatta som nokon som sto over resten av syerskene. Det kan òg tenkjast at syerskene frykta sjefane. Det kjem ikkje fram at syerskene sa i mot leiinga på noko vis. Dette kan vere eit teikn på at *kvinnene* ikkje opponerte mot den *mannlege* leiinga på fabrikkjen. Det ser heller ut til at syerskene bøygde seg for kritikken, og fortsette utan innvendingar. Trass i at tårene trilla og at ein vart kjefta på, var ikkje dette nok til å opponere, korkje som individ eller gruppe. Ein aksepterte denne oppførselen og prøvde å gjere arbeidet betre neste gong.

Det er tydeleg at leiinga på fabrikkjen hadde respekt. Men leiinga gjorde grep for å vise at arbeidsstokken vart verdsett. For å heidre arbeidarane som var tilsett på Superb i over 30 år, fekk dei ei medalje for lang og tru teneste. Desse vart tildelt av Det Kongelige Selskap for Norges Vel og medaljane var i bruk i gjennom heile Superb si levetid.<sup>106</sup> Dette ser vi ut i frå figuren under.

Figur 3: Medaljar utdelt til syerskene på Superb per år



<sup>105</sup> Heramb-Aamot 1957: 46-48


<sup>106</sup> Basert på tala i «Fortegnelser over ansatte arbeidere og funksjonærer» på Superb: 1961



Ein slik måte å løne arbeidarane for lang fartstid på fabrikk, kunne ha fleire moglege effektar. Gjennom desse medaljane vart ein god arbeidar lønna for å vere lojal mot fabrikk og ikkje skifta arbeidsplass i løpet av si karriere. Som det går fram av figuren er det eit aukande tal medaljar fram til 1960. Det viser oss at arbeidsstokken var såpass stabil at utover i perioden vart det fleire og fleire syersker som oppnådde kriteriet for medalje.

Det å løne dei mest trufaste syerskene kan også ha fungert som eit paternalistisk grep. Det kan tolkast som ei handling for å få syerskene til å verta verande på fabrikk. Med slike grep kan det sjå ut til at ein ynskte å skape eit bilete av at syersker som vart verande på fabrikk, var dei som vart mest verdsett. Dei som fekk ei slik medalje, vart då på ein måte eit bilete på den ideelle syerske på fabrikk. Dette kunne skape ringverknader hjå resten av syerskene på fabrikk. På den andre sida var det mange syersker som aldri fekk denne medaljen, fordi dei aldri vart verande i 30 år. Men som figur 2 i det førre kapittelet viste, jobba mange av syerskene lenge på fabrikk likevel. Det var få av dei tilsette syerskene på fabrikk som vart på Superb kortare periodar, i tida vi ser på. Det er ikkje før på 1950-talet at den store gjennomtrekken vart eit faktum. Sjølv om gjennomtrekken i vår periode kan ha vore større enn det som figur 2 viser, er det tenkjeleg at denne premieringa altså kan ha dempa gjennomtrekken og hindra at ikkje enda fleire slutta etter i kortare tid.

På Superb fanst det også eit ordenskapittel for å heidre arbeidarane på ein anna måte enn medaljane frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel. Ordenskapittelet Den Gyldne Sax, var Heramb Herleik-Aamot sin idé, fabrikkens andre direktør og svigersonen til Oscar Hanssen. Den Gyldne Sax var altså initiert av direktøren, men styret var organisert av eit knippe arbeidarar. Ordenskapittelets høye råd hadde som mandat å innstille dei tilsette på fabrikk til å verta riddar av Den Gyldne Sax. I motsetnad til medaljane, spela ikkje ansiennitet eller fartstid på fabrikk noko vesentleg rolle for å verta riddar. Det var arbeidarar som hadde utmerka seg på eit spesielt vis, som vart innstilt som riddar. Eit slik tiltak kunne vere med på å styrke samhaldet og ikkje



Figur 4: Medlemsbevis for Den Gyldne Sax (Kjelde: Romsdalsmuseet)

minst lojaliteten til fabrikk. Ein fekk eit slags eigarskap til fabrikk gjennom å verta utnemnt til riddar. Dette var nok ein staseleg merksemd å få.

I løpet av dei 70 åra Superb var i drift, vart det arrangert fleire jubileum og festar både for å feire suksess, men òg for å heidre dei tilsette. På tiårs-jubileet hadde arbeidarane samla saman nok til å kjøpe 12 sølvskeier og ein sølvbolle til Oscar Hanssen. Dette vitna om takksemd ovanfor sjefen sin og at arbeidarane på Superb ynskte å heidre Oscar Hanssen på tiårs-jubileet. I tillegg gav Oscar Hanssen kvar si brosjé til dei to syerskene som hadde vore med frå starten av, Teoline Aune og Olivia Sandnes.<sup>107</sup> Dette kan tyde på at takksemd og respekt gjekk bae veger. Det ser ut til at Oscar Hanssen òg var oppteken av å heidre dei mest lojale arbeidarane, dei som hadde vore med frå starten av. Det vart altså ikkje berre medaljar frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel vart brukt til å premiere lojale arbeidarar. Oscar Hanssen sette altså stor pris på lojalitet til bedrifta.

I 1930 var det duka for tretti-års jubileum, kor Romsdals Budstikke dekte hendinga:

«Ved steken holdt konsulen en tale, hvori han på det hjerteligste takket arbeidere og funksjonærer for det sjeldne gode samarbeidere gjennom de forløpne år. (...) Talen fra arbeiderne blev fremført av fabrikkbestyrer Dørsjø. Han tolket i varme ord arbeidernes takk for godt lederskap og uttalte håpet om at konsul Hanssen fremdeles i mange år måtte få kraft og helse til å føre fabrikk fremover. (...) Kst. Fylkesmann Schei frembar en hilsen og takk fra hele fylket til arbeiderne og arbeidsherre.»<sup>108</sup>

Her er det tydeleg at gjennom dei fyrste 30 åra hadde arbeidstokken vore viktig for Konsul Oscar Hanssen. Som vi allereie veit, var det ikkje store utskiftingar, og mykje av den same arbeidsstokken hadde vore på Superb i lengre tid. Oscar Hanssen viste tydeleg takksemd for dei arbeidarane som hadde jobba på fabrikk, og peika på det «det sjeldne gode samarbeidere». Dette må ha prega dei vertikale banda på fabrikk.

Ein viktig kommentar til dette sitatet er at Romsdals Budstikke oppfatta tittelen til Dørsjø feil. «Fabrikkbestyrer» var aldri ein tittel på Superb, men Dørsjø var fyrst tilskjerar og så ferdigkontrollør. Dørsjø tala altså på vegne av arbeidarane på Superb. Sitatet kan slik sett truleg tolkast som eit uttrykk for arbeidarane sitt syn på fabrikkens leiar. Ein sentral arbeidar, talte på vegne av kollegane sine, og viste at han openbart hadde tiltru til Oscar Hanssen som sjef. Fylgjeleg kan det kan sjå ut til at arbeidarane var fornøgd med sjefen sin. Det at Superb hadde

---

<sup>107</sup> Heramb-Aamot 1957: 36

<sup>108</sup> Romsdals Budstikke 21.10.1930: 2

den same sjefen i 30 år, tyder på at dei vertikale banda på fabrikkjen var gode, og prega av eit godt samhald mellom sjefen og arbeidsstokken. Sitatet viser oss at takksemda gjekk både veger. Samstundes er dette sitatet basert på ein representant frå arbeidsstokken. Det er jo ikkje sikkert at resten av arbeidarane på fabrikkjen meinte det same. Men det tilgjengelege kjeldematerialet tyder på at arbeidstokken i stor grad var fornøgd med leiinga, og Oscar Hanssen, eller Konsulen som han etterkvart berre vart kalla.

I tala til Oscar Hanssen sjølv vart det tydeleg kva han syntes om sine arbeidarar:

«(...) Når så er tilfældet skyldes det i første rekke alle de dyktige og interesserte arbeidere og funktionærer som gennem årene virket og som nu virker i bedriftens tjeneste. Når det gjelder industri nytter det ikke meget med en leders tiltak og indsats hvis det ikke følges af god forståelse og dyktig arbejde fra arbejderes og funktionærers side. (...) Denne tak går først og fremst til alle arbeidere – for deres dygtighed, for deres trofasthet og for den store forståelse som altid har preget alle forhandlinger, mellem arbejderne og mig. – Jeg håber at der råder en følelse af at intet har vært tapt – men kanskje noget godt vundet – for den enkelte og for alle ved det gode forhold som altid har bestått.»<sup>109</sup>

Igjen ser vi at arbeidarane vart sett på som uvurderlege frå leiinga si side. Oscar Hanssen var heilt tydeleg på at utan sine tilsette hadde Superb ikkje hatt den suksessen den faktisk hadde. Oscar Hanssen teikna opp eit bilete av eit sterkt fellesskap som «*gjennom årene*» har gjort at Superb bestod som fabrikk. Dei tilsette var trufaste og lojale, og dette ynskta Oscar Hanssen å vise at han sette pris på. Talen bar preg av at han var audmjuk ovanfor arbeidarane. Denne haldninga styrka truleg det paternalistiske forholdet som allereie var etablert i bedrifta. Avslutningsvis peika Oscar Hanssen på at det var lojaliteten mellom dei tilsette som i stor grad var det som hadde gjort at fabrikkjen kunne fylle tretti år. I det store og heile viste dette at Oscar Hanssen hadde eit ynskje om å ta vare på dei tilsette på fabrikkjen. Eit ynskje om å utrykke si takksemd for dei tilsette på fabrikkjen såg ein òg gjennom dei talane han heldt på dei ulike jubileum som vart arrangert på Superb. Det er altså mange teikn på at Oscar Hanssen sin leiarstil var prega av paternalistiske trekk. I talene vart det tydeleg at han hadde eit håp om at arbeidstilværet vart oppfatta som givande og at arbeidarane framleis ville fortsette å jobbe på Superb. Alle desse trekka kan ha vore med på å hemja organiseringa, fordi ein vart knytt til leiinga på ein heilt spesiell måte.

---

<sup>109</sup> Heramb-Aamot 1957: 54-57

## Ein sjef som fremja organisering?

Karakteristikkane ovanfor tyder altså på at Oscar Hanssen i det store og heile kan ha tenkt paternalistisk. Det er grunn til å tru at dette også var oppfatninga til syerskene. I så måte er det nærliggande å tru at denne paternalistiske tankegangen ville hindre fagorganiseringa, både på kort og lang sikt. Sidan foreininga vart oppretta i 1931, må det ha vore ei endring i oppfatninga på eit eller anna tidspunkt.

I minneorda for Oscar Hanssen frå 1943 skreiv Romsdals Budstikke at «som menneske var han forståelsesfull og hjelpsom når noen søkte hans råd og støtte. Det at hans bedrift gjennom 38 år aldri har hatt noen konflikt, forteller jo sitt».<sup>110</sup> Romsdals Budstikke peika på at fråværet av konflikt på Superb var eit resultat av godt leiarskap. Var dette òg eit resultat av den paternalistiske leiarstilen? I Romsdals Budstikke vart Oscar Hanssen oppfatta som ein sjef som aldri hadde konflikt på fabrikk. Han hadde omsorg for arbeidarane sine og var «hjelpsom» om nokon trong råd og støtte. Men som vi veit kunne ein paternalistisk sjef òg vere streng. Fants det trekk ved Oscar Hanssen sin leiarstil som gjorde at tanken om organisering vart fremja?

Vi kjenner til ei konflikt i dei vertikale relasjonane på Superb i tilknytning til den "flyktige" fagforeininga som vart oppretta i 1909. I løpet av hausten 1916 verserte det diskusjonar om ei konflikt på Superb. Folkets Ret omtala konflikten som «moderne slavehandel i Romsdalen».<sup>111</sup> « (...) Ved at formanden for den nuværende skrædderforretning for noget tid tilbage blev avskediget fordi han som formand søkte at hævde forenings ret».<sup>112</sup> Dette viser nokre av dei same trekka som Edvard Bull d.y. peika på i sin gjennomgang av den paternalistiske sjefen. Ein slik sjef kunne ofte den hardaste til å slå ned på arbeidarane sine krav.<sup>113</sup> Den harde sjefen kjem for alvor fram i denne konflikten. Oscar Hanssen valte side i konflikten, og bestemte seg for å ikkje la arbeidarar «hævde forenings ret».

---

<sup>110</sup> Romsdals Budstikke 18.01.1943: 3

<sup>111</sup> Fokets Ret 23.09.1916: 1

<sup>112</sup> Fokets Ret 23.09.1916: 1

<sup>113</sup> Bull d.y. 1985: 269

Vidare skreiv Folkets Ret:

«At feigheten den gang var saa stor blandt arbeiderne, at disse ikke satte noget ind paa at yde ham sin støtte, har siden hevnet sig. Fabrikkens ledelse der har faat forstaaelsen av at den ene arbeider lot sig bruke mot den anden, har i følelsen av sin makt begaaet den ene vilkaarlighet efter den anden uten at dette blir paatalt.»<sup>114</sup>

Som nemnt er det uvisst kor lenge denne foreininga som vart oppretta i 1909 varte. Det vi veit er at ho ikkje lengre var aktiv i 1921. I løpet av dette tidsrommet hadde Superb ei foreining, men det er ikkje lett ut frå kjeldene å seie kor mange år foreininga frå 1909 var aktiv. Dette kan tyde på at tanken om organisering ikkje stod særleg sterkt på dette tidspunktet i denne perioden. Difor kan det gje meining å tenkje seg til at arbeidarane på Superb ikkje såg på kampen for å behalde foreininga og den personen som vart sparka, som særleg viktig. Det var iallfall ikkje viktig nok til at dei ville ta den støyten det kunne vere å stå for organisering så lenge ikkje fleirtalet gjorde det. Difor er det nærliggande å tru at foreininga stod relativt svakt på fabrikk, noko sitatet frå Folkets Ret òg peika på. Dette kan forklare kvifor foreininga ikkje vart varig den fyrste gongen.

Ein annan interessant observasjon er også korleis arbeidsstokken valte side i situasjonen. Arbeidarane på fabrikk vendte seg heller til leiinga, i staden for å vise solidaritet med ein arbeidar. Dette kan vera uttrykk for fleire forhold: Sidan arbeidarane valte å vise lojalitet mot leiinga og ikkje ein kollega, som var ein del av arbeidarrørsla, er det nærliggande å tru at dei ikkje i særleg stor grad opplevde å ha ei klassekjensle. Det kan altså sjå ut til at arbeidarane i større grad opplevde ei tilknytning til fabrikk. Ein sjef med paternalistiske trekk som sette harde krav til arbeidsstokken, vart ikkje på dette tidspunktet, mottaken med motvilje og misnøye, men heller med ei akseptering av slike hendingar. Om resten av arbeidarane hadde kjent på solidariteten til formannen for foreininga, ville det truleg vore større sjanse for at ei meir omfattande konflikt hadde blussa opp. Då dette ikkje var tilfelle, søkte nok arbeidarane til leiinga i staden for *klassen* sin.

I 1931, då arbeidarane på Superb bestemte seg for å opprette ei fagforeining på fabrikk, oppstod det på ny ei konflikt mellom leiing og arbeidsstokk. Oscar Hanssen truga med å «(...) å nedlegge fabrikk hvis arbeiderne fremdeles vil være organisert å forlange Oslo-tariffen gjennomført».<sup>115</sup> Denne oppførselen vitnar om to ting. For det fyrste såg det ikkje ut til at Oscar Hanssen primært var i mot fagforeining, men at han heller var mot at arbeidarane ville

---

<sup>114</sup> Fokets Ret 23.09.1916: 1

<sup>115</sup> Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening 13.03.1931: 13

innføre Oslo-tariffen. Det var altså ikkje organisasjonsretten som var problemet, men Oslo-tariffen. For det andre ville ei omlegging til Oslo-tariff ville bety at ein gjekk frå satsane i Molde, som var rekna som eit *lågkostnadsområde*, til satsane i Oslo, som var rekna som eit *høgkostnadsområde*.<sup>116</sup> Dette kunne ha store følger for drifta på Superb, og resultere i at ein måtte leggje ned heile fabrikkens av økonomiske årsaker. Oscar Hanssen kunne ikkje føye seg på dette kravet. Fylgjeleg tyder dette også på ei anna endring som innebar at ynsket om ein personleg gjevinst, var sterkare enn den tradisjonelle paternalistisk tankegangen. Det kan sjå ut til at Hanssen ikkje handla ut frå nokon rein paternalistisk tenkemåte, sjølv om det å redde bedrifta, kan sjåast som ei handling for å yte omsorg for dei tilsette. Som i all paternalisme kan det her vere vanskeleg å skilje mellom paternalisten si eigeninteresse og omsorga hans for dei tilsette - så lenge dei tilsette sitt levebrød var knytt til den same fabrikkens som eigaren hadde si fortjeneste frå. Hanssen tok det valet han måtte ta for at fabrikkens framleis skulle gå med overskot. Det var altså dei personlege eigarinteressene hans som dominerte.

Den motstanden kunne altså vere eit teikn på at Oscar Hanssen gjekk frå å vere den paternalistiske leiaren, til å i større grad nærme seg ein meir autokratisk leiarstil.<sup>117</sup> Oscar Hanssen sin reaksjon kan òg forklarast på ein annan måte. Ei eventuell innføring av Oslo-tariff på dette tidspunktet ville i følge Hanssen kunne gje økonomiske konsekvensar som kunne føre til konkurs eller nedlegging av fabrikkens. Då ville arbeidarane på fabrikkens miste jobbane sine. Ein rein paternalist ville nok argumentert for at dei arbeidarane som hadde familie til dømes, kunne få noko meir i løn, mens dei som berre forsørgja seg sjølv ikkje fekk nokon lønsauke. Det er ingenting som tyder på at Hanssen hadde slike synspunkt. Dette viser oss at paternalisten viste omsorg nedover, men berre inntil grensa for det som kosta for mykje for bedrifta.

Det at storparten av dei tilsette var kvinner er også viktig å tilføre når det kjem til dei vertikale banda på fabrikkens. Ein årsak til at det finst så få spor av konflikhtar på fabrikkens, kan vere at det ikkje var naturleg å gå i konflikt med den mannlege leiinga. Det er difor sannsynleg å tolke seg fram til at den *mannlege* paternalistiske sjefen ikkje var nokon ein naturleg

---

<sup>116</sup> Kvamsvåg 1990: 25

<sup>117</sup> Knut Kjeldstadli, Fedre, fyrster og funksjonærer: Ulike typer ledelse i norsk industri før 1. verdenskrig. I B. Schiller & T. Svensson (Red.), *Arbete och arbetsmarknaden i Norden: Nya linjer inom den nordiska arbetslivsforskningen*. Lund: Arkiv forlag: 1988

opponerte mot på Superb før 1931. Dei to faktorane - paternalistisk leiing på ein kvinnedominert arbeidsplass – drog nok i same retning når det gjaldt fagorganiseringa.

### **Oppsummering**

Mykje av Oscar Hanssen sin leiarstil tyder på at det fanst paternalistiske trekk på Superb. Hanssen viste omsorg for sine arbeidrarar, han hørte på dei samstundes som han tok ansvar for bedrifta si. Han vart både oppfatta som streng og respektert. Hanssen var ikkje berre ein viktig aktør på Superb, men òg i lokalmiljøet. Dette er viktig for den paternalistiske tankegangen. Leiarmåten er då ikkje berre aktiv på bedrifta si, men òg i nærmiljøet.

Då kravet om innføringa av Oslo-tariff vart hevda av fagforeininga, kunne ikkje Oscar Hanssen godta dette. Eit slikt krav kunne resultere i ein eventuell konkurs eller store økonomiske problem for fabrikk, då Oslo-tariffen ville føre med seg mykje større kostnader. Motstanden som kom til uttrykk frå leiinga si side, kan tyde på at den var retta primært mot at Oslo-tariffen skulle innførast. Difor er det nærliggande å tru at det handla om to krav. Det å godta fagforeining var altså ikkje det same som å godta Oslo-tariffen. Denne tariff-avtala vart ikkje innført i Romsdalen før omlag 1954, då Bekledningsarbeiderforbundet fekk innført Oslo-tariffen som landstariff.<sup>118</sup> Kravet frå den ny-etablerte fagforeininga må altså ha falle bort i forhandlingane som gjekk føre seg i løpet av våren 1931. Når organiseringa fyrst vart etablert, synest sjølv fagorganiseringa å verta gjennomført ganske smertefritt. Det er ikkje noko som tyder på at leiinga stod i motstrid til fagforeininga. Når Oscar Hanssen aksepterte denne, kunne arbeidarane organisere seg som dei ville.

Ein kan seie at dei vertikale banda, mellom arbeidsstokk og leiing, i stor grad var prega av harmoni. For syerskene var ikkje leiinga på fabrikk noko fjernt ein aldri hadde kontakt med. Ja, mange av syerskene på fabrikk såg på Oscar Hanssen som noko nesten guddommeleg, men samstundes kunne dei prate med han. Han var til stades på fabrikk og hadde etter alt å dømme god kontakt med arbeidsstokken sin. Dei vertikale relasjonane på fabrikk var altså prega av tett kontakt.

Avslutningsvis skal vi prøve å samanfatte korleis dei horisontale og vertikale banda på Superb var med på å fremje og hemje tanken om organisering, og kva resultat dette fekk.

---

<sup>118</sup> Heramb-Aamot 1957: 100





## 6: Avslutning

I dette kapittelet skal vi fyrst sjå på korleis det gjekk med Superb etter vår periode. Sidan oppgåva i stor grad har avgrensa seg til å sjå på Superb fram til den fyrste direktøren, Oscar Hanssen døydde, kan det vere hensiktsmessig å sjå kort på veggen vidare. I tillegg skal vi også prøve å samanfatte kva som hemja og fremja organiseringa på Superb. Til no har vi sett tematisk på det, altså korleis dei horisontale og vertikale banda på fabrikkens påverka organisering. No skal vi samle desse trådane. Fyrst ser på veggen vidare, før vi samanfattar kva som hemja og fremja fagorganisering på Superb.

### Veggen vidare

Frå 1945 og fram til 1955 vart produktivitet igjen eit spørsmål. Tekstilarbeidarane sitt fagforbund, Bekledningsarbeiderforbundet introduserte *produktivitetsprinsippet*. Det gjekk ut på å produsere meir og at ein fekk løn etter innsats. Bekledningsarbeiderforbundet fekk òg gjennomført Oslo-tariffen som landstariff. Dette førte til at den såkalla møretariffen som før hadde regulert løna til arbeidarane i Møre og Romsdal forsvann. I åra som kom vart det arrangert fleire produktivitetskonferansar rundt omkring i landet, noko som vitna om kor viktig dette vart for konfeksjonsindustrien i Noreg.<sup>119</sup> Superb fekk òg stønad frå Marshall-hjelpen som gjorde at dei fekk ny kompetanse og økonomiske resursar til å investere i moderne utstyr.<sup>120</sup>

På 1960-talet hadde konfeksjonsindustrien nådd eit slikt nivå i Noreg at ein såg tendensar til overproduksjon av klede. Samstundes vart tollsatsane på konfeksjonsvarer fjerna slik at ein fekk ein veksande import av klede. Den norske konfeksjonsindustrien hadde ikkje den store tradisjonen for eksport. Dette førte til store problem for den norske konfeksjonsindustrien. Tidleg på 70-talet flytta mykje av produksjonen i Europa over til lågkostandsland. Samstundes vart marknadsføring eit problem. Ein søkte ikkje i like stor grad etter målgruppe utanfor storbyen, slik ein gjort før. Dette vart for tidkrevjande. Vidare organiserte butikkane i innkjøpskjeder som til dømes Samtex og Supertex. Desse kjedene valde seg eigne leverandørar og norske bedrifter mangla i større grad den profesjonaliteten som buttkjedene var ute etter.<sup>121</sup>

---

<sup>119</sup> Heramb-Aamot 1957: 100-101

<sup>120</sup> Gerald Frank Lien og Svein Aamot, Norsk herrekonfeksjons siste dager. I *Romsdalsmuseets årbok 2013*, 2013: 201

<sup>121</sup> Lien og Aamot 2013: 201-203

Resultatet vart at ein fekk ein industri som gradvis forsvann. I norsk herrekonfeksjon vart den første bedrifta som forsvann, Fosna A/S i Kristiansund i 1971. Vidare vart den fyrste norske konfeksjonsfabrikken Hercules A/S i Oslo lagt ned saman med Ålesund Konfeksjonsfabrikk A/S i 1973. Det same året kjøpte Høvding opp Grudes konfeksjonsfabrikk i Stavanger. Dette var eit forsøk på å verte større for å stoppe problema som bedrifta hadde. Det same skjedde våren 1975 då Høvding kjøpte Superb for å ekspandere driftsgrunnlaget ytterlegare. Dette resulterte i at Høvding i stor grad hadde ein økonomi til å overleve lengre enn andre konfeksjonsfabrikkar, men måtte til slutt gje opp når dei la ned drifta i 1985.<sup>122</sup>

### **Hemjande faktorar**

Det fanst fleire faktorar som hemja organisering på Superb. Syerskene på Superb var tett knytte saman. Mange av desse hadde ikkje noko geografisk tilhøyrsløse i Molde, og kom til byen som eit resultat av at dei måtte ha jobb. Utan noko anna tilknytning til byen, vart dei naturlege relasjonane, både på og utanom arbeidsplassen, mellom syerskene på Superb. For mange var nok dette det nærmaste ein kom ein familie utanom heimbygda. Sjølv om det kan vere vanskeleg å finne sikre kjelder på dette i ettertid, er det fleire som har peika på dette samhaldet i sine analyser av konfeksjonsindustrien i Molde. Dette kjem òg fram i telefonsamtalar med ei tidligare syerske og gjennom epost-korrespondanse med den siste direktøren på fabrikk, Svein Heramb-Aamot. Kanskje var det uformelle samhaldet så godt at det gjorde det vanskeleg å sjå nytten av å formalisere det. Den kontaktflata som syerskene hadde, handla som nemnt om *moglegheita* til kontakt med folk utanfor fabrikk. Mykje tyder på at denne ikkje vart nytta til det optimale, nett fordi samhaldet på fabrikk var tett.

Ein annan framstående faktor er at leiinga på Superb hadde paternalistiske trekk. I vår periode hadde Superb ein leiar som var tydeleg, men som også hadde omsorg for arbeidsstokken sin. Kombinasjonen av ein paternalistisk sjef og ein samansveisa arbeidsstokk skapte trivsel, men kan ha hemja tanken om organisering. Arbeidarane såg ikkje på behovet for å organisere seg, då forholda på fabrikk var gode, og motpolane "vi" mot "dei" ikkje var etablert i noko stor grad. Heile fabrikk var samansveisa med sterk forankring i lokalmiljøet. Dette kan ha resultert i at fabrikk var tettare knytt til seg sjølv og lokalmiljøet, enn til ei rørsle på nasjonalt nivå.

---

<sup>122</sup> Lien og Aamot 2013: 203

Majoriteten av dei tilsette på Superb var kvinner eller jenter. Det er grunn til å tru at dette, at fabrikkens i all hovudsak var ein *kvinneleg* arbeidsplass, kan ha vore med på å hemja organiseringa. I tråd med tradisjonelle tenkemåtar skulle kvinner som kjent korkje tale i forsamlingar eller opponere mot mannlege autoritetar. I tillegg fungerte direktøren på fabrikkens som ein «pater» gjennom store delar av vår periode. Denne farsfiguren kunne nok vere med på å ytterlegare hemje at arbeidsstokken tok til motmæle. Kjønnssdimensjonen må altså tilleggast nokså stor vekt i vurderinga av samhaldet både vertikalt og horisontalt.

Ein anna hemjande faktor ser ut til å vere ei manglande klassekjensle hjå syerskene. Dette hang nok også saman med det tette samhaldet på fabrikkens. Dette var eit samhald mellom syerskene som Superb-tilsette, ikkje eit samhald retta mot nokon motpart. Ein såg at det var lite gjennomtrekk i løpet av dei fyrste 40 åra på Superb, noko som òg var med på å styrke dette samhaldet, og kanskje redusere klassekjensla. Syerskene opplevde ikkje sjølve at dei var ein del av *arbeidarrørsla*, med alle konnotasjonane dette bar med seg. Klassekjensla var heller prega av å høyre til fabrikkens og lokalmiljøet. Men etter kvart vart òg forholdet til arbeidarrørsla mjuka opp nasjonalt. Ein kunne ta del i rørsla utan å vere revolusjonær. Då vart det heller ein tanke om solidaritet ovanfor sine kollegaer. Det vart ikkje eit alternativ å stå utanfor det nye fellesskapet.

### **Fremjande faktorar**

I tråd med resten av landet vart haldninga rundt arbeidarrørsla på 1930-talet meir mjuka opp, og fleire kunne relatere seg til den. I løpet av 1930-talet vart organisasjonstanken akseptert i store delar av regionen. Dette resulterte i at syerskene på Superb heller ikkje lenger såg ser på denne rørsla som så fjern som ho kanskje var oppfatta som før 1931. Den aksepten ein såg på nasjonalt nivå, må ha smitta over på regionen. Dette kan igjen ha gjort at fleire og fleire organiserte seg i Superb si foreining.

Samstundes såg ein det som kan minne litt om eit karakterbrot hjå leiinga. Oscar Hanssen sette hardt mot hardt i forhandlingane rundt foreininga på fabrikkens. Dette kan tyde på at hans sine eigne interesser vart prioritert, då han truga med nedlegging av fabrikkens om Oslo-tariffen vart innført. Frå arbeidarane si side kunne eit slik krav verte oppfatta som ei endring i leiarstil, og at Oscar Hanssen gjekk frå å vere ein utprega paternalistisk leiar, til å fremje ei sterkare polarisering. For fyrste gong ser ein tendensane til eit "vi" mot "dei", som Kjeldstadli

peika på som sentralt for at organisering skulle skje. På den andre sida kunne denne motstanden til kravet om Oslo-tariffen, vere heil naudsynt for at fabrikkene skulle bestå reint økonomisk. Dette motivet vart kanskje ikkje formidla så godt til arbeidarane som organiserte seg. Oslo-tariffen vart ikkje innført som landstariff før i 1954.<sup>123</sup> Det vil seie at fagforeininga aldri fekk gjennomført kravet sitt om Oslo-tariff i 1931. Det var altså ikkje så "farleg" for Oscar Hanssen å godta ei ny foreining på fabrikkene. Dette skjedde jo òg på eit tidspunkt kor tanken om fagforeining vart akseptert i større grad i heile samfunnet. Det såg ein både i regionen, men òg nasjonalt. Truleg kan det ha vore denne kombinasjonen som gjorde at skipinga av foreining gjekk relativt greitt for seg. Ei aukande aksept for organiserings-tanken, samstundes som at kravet om Oslo-tariff falt bort.

På Superb hadde ein syersker som var tett knytte saman. Dette kan ha virka fremjande i det foreininga endeleg vart godtatt og etablert. Det var ikkje akseptert å svikte sine kollegaar ved å ikkje organisere seg. Dette viste den store oppslutninga i 1931. Det kan sjå ut til at det tette miljøet kan ha styrka det som til ei kvar tid rådde som handling.

---

<sup>123</sup> Heramb-Aamot 1957: 100

## Oppsummering

Det synest altså å vera fleire faktorar som har hemja at fagforeininga vart varig før 1931. Det at dei tilsette på Superb primært var kvinner utan noko særleg tydelege teikn på klassekjensle, er vesentleg. Samhaldet dei i mellom, både på jobb og utanom kan ha vore med på å svekkje klassekjensla og hemja organisering. I tillegg verka truleg den sterke lojaliteten til fabrikkens same retning. Det er også grunn til å tru dei paternalistiske trekka ved leiinga som hemja fagforeinings-tanken ytterlegare.

På mange måtar kan dette vere eit paradoks. På eitt vis er det vanleg å sjå eit godt uformelt og sosialt samhald som noko som også gjer det lettare å sjå også nytten av å organiser seg formelt. Det kan også tenkast å verke omvendt: Godt uformelt samhald kan også ha gitt ein styrke som i alle fall i ein periode gjorde at ein ikkje såg nytten av formell organisering. Det gode uformelle sosiale samhaldet kan ha fylt nokre funksjonar som formell organisering kom til å fylle seinare. Og dette ser ein jo på Superb i vår periode. Alt tyder på at syerskene her heldt saman.

Det som ser ut til å gjere foreininga stabil når ho fyrst vart skipa, er òg samansett. I 1931 utspelte det seg ei interessekonflikt mellom Molde Konfeksjonsarbeiderforening og Oscar Hanssen som førte til ei endring i den paternalistiske leiinga. I tillegg fanst det agitatorverksemd frå utanfor distriktet. Dette, i kombinasjon med at arbeidarrørsla på nasjonalt nivå vart mildare og mindre revolusjonær, kan ha vore ein viktige faktorar som truleg har ha virka fremjande i denne nye fasen med fagorganisering. Romsdalen og Molde var ikkje lengre ein «en mørk flekk på organisasjonskartet» etter 1931.<sup>124</sup>

---

<sup>124</sup> Abrahamsen 1992: 177

## **Vidare arbeid innanfor temaet**

Gjennom arbeidet med mitt prosjekt har ulike spørsmål som eg ikkje har hatt tid til å svare på openbart seg. I tillegg til det eg har gått gjennom av forholda som hemja og fremja organisering på Superb, kunne det vore interessant og sett på ei meir komparativ analyse i Molde by. Å implementere til dømes mellomverkstadene i Molde, ville kunne gje eit meir komplett bilete av situasjonen i Molde utover 1930-talet. Ei slik undersøking kunne ha vore med og gjeve eit anna perspektiv på temaet.

Ei annan vinkling som kunne vore interessant å sjå på, er korleis arbeidet med organisasjonsretten var andre stader i Noreg. Til dømes kunne det vore interessant å sjå på korleis var agitasjonsverksemda i Kristiania versus Romsdalen arta seg. I tillegg kunne ei større vektlegging av menn i konfeksjonsindustrien vore med på å komplettere biletet av industrien, både på lokalt og nasjonalt nivå. Kvinnene har kanskje vore meir undersøkte i konfeksjonsindustrien, nett fordi det var så mange av dei her. Difor vil ei undersøking av menn i konfeksjonsindustrien kunne ha vore med på å gje eit meir heilskapleg bilete av industrien.

Prosjektet mitt har handla om korleis syerskene på Superb tenkte og handla slik dei gjorde, fordi dei var jenter og kvinner. Dette perspektivet kan vidareutviklast i fleire retningar. For å få tak på kva kjønn har betydd i kvardagen for syersker og kvinnelege fabrikkarbeidarar, ville det ha vore nyttig å intervjuje dei om dette. Dette har ikkje eg hatt så godt høve til i dette prosjektet. Men ein kombinasjon av systematisk fokus på kjønn, og meir vektlegging av kjelder som får fram erfaringar kvinnene gjorde i kvardagen, ville her kunne gje fleire nye innsikter. Ikkje minst er det då viktig så snart som råd å sette i gang eit arbeid med å samle minner frå dei kvinnene som framleis er i livet. Det ville gi grunnlag for å utforske syerskene si historie med interessante og nye perspektiv.

## Figuroversikt

Figur 1: Kart over rekrutteringa av syersker til Molde .....	25
Figur 2: Oversikt over kor mange år syerskene var tilsette på Superb.....	28
Figur 3: Medaljar utdelt til syerskene på Superb per år .....	40
Figur 4: Medlemsbevis for Den Gyldne Sax.....	41

## Kjeldeoversikt

### Aviser og blad

Bekledningsarbeideren (1933)  
Bekledningsarbeideren (1936)  
Bekledningsarbeideren (1947)  
Folkets Ret (1916)  
Romsdals Budstikke (1930)  
Romsdals Budstikke (1943)  
Romsdal Folkeblad (1930)

### Andre kjelder

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS : Serie PA-00066/A Møtebøker, referatprotokollar, forhandlingsprotokollar o.l.: Møteprotokoll for Molde Konfeksjonsarbeiderforening (1931-1946)

Svein Heramb-Aamot, personleg kommunikasjon, 25.03.19-03.05.2019, (epost-korrespondanse)

G. A. Gjendem, personlig kommunikasjon, 28.02.2019, (telfonsamtale med syerske tilsett på Superb frå 1960-talet fram til 1975)

«Fortegnelse (alfabetisk) over ansatte arbeidere og funksjonærer»: 1961, basert på eit tidligare kartotek frå fabrikkens arkiv. Denne er brukt til å utarbeide figurane i oppgåva. Sjølv boka er henta frå fabrikkens eget arkiv.

Framsidedeilete: Romsdalsmuseet, inventar-nr. R.Fot.30802, lenkje for bestilling:  
<https://digitaltmuseum.no/011012681919/r-fot-30802>

Utdanningsdirektoratet (2009) Læreplan i historie (HIS1-02). Henta frå  
<https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-vg3-studieforberedende-utdanningsprogram,aksessert12.03.19>





## Litteratur

- Abrahamsen, Olav Arild (1992) *Molde bys historie III – 1916-1940 Fra brann til bombing*. Molde kommune og Dahl Libris: Molde
- Anker, Nini Roll (2001) *Den som henger i en tråd*. H. Aschehoug & Co.: Oslo
- Bull d.y., Edvard (1968) *Norsk fagbevegelse: oversikt over fagorganisasjonens utvikling*. Tiden forlag: Oslo
- Bull d.y., Edvard (1981) *Retten til en fortid – sosialhistoriske artikler*. Universitetsforlaget
- Bull d.y., Edvard (1985) *Arbeiderbevegelsens historie i Norge – Bind I: Arbeiderklassen blir til (1850 – 1900)* Tiden Norske Forlag: Oslo
- Frostad, Nils (1955) *Konfeksjonsindustrien i Romsdal. Fra skredderhåndverk til industri i bygdene* (Hovudfagsoppgåve i geografi). Universitetet i Oslo.
- Grove, Knut (2016) På leit etter ein vestnorsk arbeidarkultur, i *Arbeiderhistorie 2016*: 37-64.
- Hagemann, Gro (1988) *Lavtlønnsyrker blir til: kvinnearbeid og kjønnskiller i søm og telekommunikasjon 1870-1940* (Doktoravhandling i historie). Universitetet i Oslo
- Hagemann, Gro (1994) *Kjønn og industrialisering*. Det blå Bibliotek: Oslo
- Heramb-Aamot, Herleik (1957) *Confectionsfabriken a/s Superb – Bedriftshistorie 1905-1955*.
- Kamsvåg, John L. (1990) *Med nål og tråd gjennom 100 år – Bekledningsarbeiderforbundet 1890-1990*. Tiden Norske Forlag
- Kjeldstadli, Knut (1988) Fedre, fyrster og funksjonærer: Ulike typer ledelse i norsk industri før 1. verdenskrig. I B. Schiller & T. Svensson (Red.), *Arbete och arbetsmarknaden i Norden: Nya linjer inom den nordiska arbetslivsforskningen*. Arkiv forlag: Lund
- Kjeldstadli, Knut (2010) *Fortida er ikke hva den en gang var – en innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget: Oslo
- Kjeldstadli, Knut (2018) *Arbeid og klasse – historiske perspektiver*. Pax forlag A/S: Oslo
- Lien, Gerald Frank og Svein Aamot (2013) Norsk herrekonfeksjonsindustri siste dager. I *Romsdalsmuseets årbok 2013*: 201-205.
- Norborg, Øyvinn (2007) *Handel og næring i Molde gjennom 150 år*. Molde næringsforum.
- Skreien, Norvall (2010) Jakob Bolstad – boktrykkeren fra Voss som skapte avishistorie i Romsdal, i *Romsdal Sogelags årsskrift 2010*: 27-38
- Søvik, Edmund (1996) *Konfeksjonens vogge og Norges kleskammer : 130 år med konfeksjon i Isfjorden og Romsdal*.

Swensen, Grete (1980) *Fra nålen tres til kundenkles. Syerskers arbeid og levekår i perioden 1900-1950* (Magisteravhandling i etnologi). Universitetet i Oslo.

Thorson, Odd (1959) *Folk skaper klær - klær skaper folk*

Tjelmeland, Hallvard (2004) Aviser som historisk kilde, i Else-Beth Roalsø *Å skrive i motvind – Ruth Thomsen og Stavanger Aftenblad 1934-1980*. Norsk pressehistorisk forening: 114-133

Wicken, Olav (1977) *Konfeksjonsindustrien i Romsdal i 1930-årene* (Hovudfagsoppgåve i historie). Universitetet i Oslo.

Wicken, Olav (1980) Hvordan Romsdal ble sentrum for konfeksjonsindustrien i Norge, i *Romsdal Sogelag 1980*: 5-33



